

HAUGESUND MUSEUM

ÅRSHEFTE 1935 - 1945

UTGITT AV MUSEUMS- OG HISTORIELAGET
FOR HAUGESUND OG BYGDENE

HAUGESUND 1946

SENTRALTRYKKERIET A/S, HAUGESUND

Gamle åkerreidskapar i Karmsund*).

Av overrettssakfører SVEIN STEINSNES

I. Plog.

1. Plogen er gamall i Karmsund.

Plogen er ein gamall reidskap. Han er nemnd i den eldste literaturen vår. I eddakvedet Rigstula heiter det um bondeguten Karl: «Kjerror han smidde og køyrde plog». I Magnus Lagabøters landslov frå 1274 er det fleire fyresegner um plog og ard. Soleis heiter det at folk kunde taka emner til plog og til ard i annan manns skog. Dei skulde ikkje stå fast um dei ikkje sjølv hadde skog eller ikkje kunde finna høvelege emner der. På Magnus Lagabøters tid må difor plogen ha vore ein vanleg reidskap som dei ikkje kunde vera forutan.

Likevel finn me at plogen var sjeldsynt eller ukjend i mange bygdar på Vestlandet heilt til i fyrre hundradåret. So seint som i 1876 heiter det um «Fitje Herred med dets 280 Brug, at Ploug og Harv slett ikke findes, hvilket nok ogsaa turde være Tilfældet i flere andre Herreder».**) ***) Og frå Rogaland fylke heiter det i 1861**): «Hvad Agerdyrkningsredskaberne angaar, da ere disse vistnok paa mange Steder endnu temmelig primitive og bestaae hovedsagelig af Hakke, Spade og Grev, men de locale Forholde tillade ogsaa adskillige Steder ikke Brugen af andre Redskaber. — — Forøvrig erholder Ploug og Harv paa de Steder, hvor der for disse Redskaber er Anvendelse, stedse mere Udbredelse».

*) Eg har diverre ikkje havt høve til å gjera arkivgranskingar um dette emnet. Berre eit par gamle auksjonsprotokollar og nokon få tilfeldige skiftebrev har eg havt høve til å sjå. Ei systematisk gjennomgåing av gamle skifteprotokollar vilde sikkert ha gjeve mange interessante opplysningar.

**) Femårsmeldingane frå amtmennene.

***) Um dei ikkje hadde plogar i Fitjar, so må dei ha havt store åkrar; for i Skåre sa dei fyrr um åkrar som var svært store, at det var som det skulde vera fitjarflekkjet.




Fig. 1. Plog frå Haugo i Torvastad.




Fig. 2. Plogen frå Haugo i Torvastad frå andre sida.

Det ser ut til at i Karmund og Ryfylke har plogen frå gamalt av vore meir vanleg enn elles på Vestlandet og elles i Rogaland.

Av brevsiftet millom dei tvo namngjetne islend-ingane Arne Magnusson og Tormod Torfæus — utgjevne av Kr. Kaalund i 1916 — ser me at Arne Magnusson den 14/1 1702 skreiv frå Kjøbenhavn til Torfæus, som budde på Stangaland på Karmøy, og bad m. a. um å få nøgje greida på alt um såing, hausting og trysking på Karmøy, kva tid dei pløgde og korleis plogar og andre åkerreidskapar var laga. Vidare bad han um å få ei teikning av ein plog,

eller um Torfæus vilde få einkvan til å laga ein liten modell av tre. Arne Magnusson bad um å få alt dette so snart at dei kunde gjera seg nytta av det på Island til våren.

Den 11/2 same året skriv Torfæus til Arne Magnusson og segjer at han med fyrste skip skal senda ein plogmodell og ei utgreiding um den. Men han legg til at det beste vilde ha vore um han kunde ha sendt med ein mann til å visa dei alt saman.

Kring 1700 må soleis plogen ha vore i bruk på Karmøy.*)

I avaldsnespresten Knud Leems «Norske Målsamlingar frå 1740 åri», utgjevne i 1923 av professor Torleiv Hannaas, kann me og sjå at i Avaldsnes var plogen velkjend frå gamalt av i 1740-åri.

*) Når Arne Magnusson vilde ha plogmodell frå Karmøy, må det venteleg ha vore avdi plogane der var gode og høveleg små for tilhøvi på Island. Plogane dei bruka i Danmark på den tid, var tunge hjuplogar, som dei trong 6 hestar fyre.

Provst H. Arentz, som var prest i Jelsa og seinare i Stavanger, skreiv ei liti bok som heiter: «Beskrivelse over Stavanger Amt i Norge». Boki vart prenta i 1779; og der heiter det under umtalen av Ry-




Fig. 3. Plog frå Øvrabø i Torvastad.

fylke*): «De Redskaber, som bruges til Agerdyrkningen er en liden let Plov, som kan trækkes af een Hest». Og ein annan stad i same boki heiter det: «Agerdyrkningen i dette Provstie drives saa vel, at paa de fleste Gaarde kan i sædvanlige Gode Aar avles 10 Fold af Havre, og mere af Byg. — — — I det næstgrændsende Bergenhuus-Amt anvendes mindre Flid paa Agerlandet, derfor er ogsaa Frugtbarheden mindre».

I «Rogalands Landbruksselskap gjennom 150 år», prenta i 1926, skriv Eivind Hognestad etter å ha hermt det um plogen hjå H. Arentz: «På Jæren var plogen svært lite brukt, endåtil ein mannsalder seinare». Og Christen Pram skreiv i 1804 at på Jæren fanst det snaut meir enn 2, 3 plogar.

2. Kor i Karmsund hadde dei treplog?

Um me soleis har vitnemål um at dei bruka plog på Karmøy i 1702 og kring 1740, er ikkje dermed sagt at dei hadde plog alle stader på Karmøy eller i heile Karmsund på dei tider.

Det syner seg at det er nord-Karmøy — Avaldsnes og Torvastad herader — som fyrst og fremst har vore plogbygdar i gamle dagar. (Sjå fig. 1—4.) Der kann alle eldre folk fortelja um treplogane, og der var det folk som arbeidde treplogar for sal. På dei flate, vide bygdane i Avaldsnes og Torvastad hadde dei plog alle som åtte hest, fortel gamle folk. Berre plassafolk og dei som ikkje hadde hest, spadde åkeren. Som nemnt nede på side 89 må det i desse bygdane ha vore like vanleg med plog for 200 år sidan, i Knud Leem si tid, som det var i manns minne. På dei gardane i Torvastad som ligg på fastlandet, Moksheim, Norheim og Spanne, hadde dei og treplogar.

*) Den tid hørde Skjold, Tysvær og Vats med til Ryfylke.




Fig. 4. a. Plogen frå Øvrabø i Torvastad frå andre sida. b. Ardspade frå Laupland i Bokn.

I Stangaland herad veit ein at dei har havt treplogar på Skår, Stangalandgarden og Stokkastrandi. Johannes Eide, f. 1854, fortel at då han kom til Karmøy i 1878, såg han dei pløgde med treplog hjå Ola Stangaland, og noko seinare såg han ein treplog på Skår.

Vermund Søndena, f. 1866, fortel at alle på Stokkastrandi hadde plogar med jarnfjøl fyrsta han kann minnst; men då han var smågut, såg han noko av ein treplog i ei loda på Sørstokko; og på Karmøymuseet er det ein treplog frå Stokkastrandi. I Eidsbygdi fekk dei derimot den fyrste plogen kring 1875, fortel kyrkjesongar har vore, O. J. Eide, f. 1862. Lensmann har vore Olav Siqveland, som er fødd på Eide i 1871, fortel at i hans fyrste barndomstid hadde fleire av gardbrukarane på Eide plogar med jarnfjøl; men det var framleides vanleg at folk spadde åkeren.

Den 28. desember 1846 var det auksjon i buet etter lensmann Torkel Sjursen Asseldahl. Han var lensmann i Skudenes, men budde på garden Asaldal i Stangaland, og det var der auksjonen var. Der vart m.a. selt ein plog for 1 speciedalar 2 ort og 14 skilling. Det må venteleg ha vore ein treplog.

I Åkra herad veit dei lite um treplogar. Stortingsmann har vore David Davidsen, f. 1862, som er frå Vedabygdi, fortel at han ikkje har sett meir enn ein einaste treplog. Dei spadde åkeren der og. Men ein og annan i Åkra hadde plog. På ein auksjon på garden Åkra i Åkra den 19. desember 1845 vart det selt «Halvdelen i en Plov med Jern» for 1 ort og 12 skilling. Det har og vore ein treplog. I 1860-åri hadde Nils Oppigard på Åkra treplog; men på Åkragarden elles hadde dei plogar med jarnfjøl dei tider, fortel Torgils G. Aarvold, f. 1853. Kring 1870 hadde Lars Bødn på Liknes treplog; men på Tjøsvoll var det ingen som hadde plog fyrr etter 1880. Folk i Åkra som hadde plog, spadde alltid reinkornåkrane. Dei fekk ikkje reinkornet til å veksa utan, meinte dei. Det kann tyda på at plogen ikkje hadde vore so lenge i bruk der; og Johannes O. Sjøen, Åkra, f. 1869, fortel etter bestefar sin, Tønnes O. Sjøen, at fyrr spadde alle åkeren i Åkra.

I Ferkingstad sokn i Skudenes herad har det visst ikkje vore nytta treplog etter det gamle folk fortel. Stortingsmann har vore Sivert Dyrland, f. 1847, fortel at i 1854 eller 1855 kom ein slektningen hans heim frå Stavanger og yvertok farsgarden på Hemnes. Han hadde med seg ein plog. Det var den




Fig. 5. a. Plog frå Kalland i Skåre. b. Plogskjer — vangsne — frå Døle i Førdesfjorden. c. Plogskjer frå Gard i Skåre.

fyrste plogen derikring, og alle folk gjekk og såg på når han pløgde.

Lengst sør på Karmøy, i Falnes sokn i Skudenes, har dei derimot havt treplogar so lenge folk veit; soleis på Hillesland, Vik, Dale, Tjøstheim og Høyenes. På den store, slette Syregarden braut dei derimot åkeren med spade til kring 1885; berre på Skådel av Syre hadde dei fått plog tidlegare, visstnok i 1870-åri.

Den 29. september 1846 var det auksjon på Falnes prestegard. Der vart selt ein plog for 3 speciedalar.

I Skåre herad har og folk havt plogar frå gamalt av i det som no er Gard og Rossabø skulekrinsar, og der som byen Haugesund ligg. Ein kan taka gardane for seg frå Arabrot i nord til Sakkastad i sør. Gamle folk her kann fortelja at dei hadde treplogar i gamle dagar; og dei veit ikkje anna enn at dei alltid har havt det. Men det var ikkje alle som bruka plog.

Elles i Skåre kann det høyrast ut til at folk fekk seg plogar kring 1850—60. Soleis fortalde Mikal Torbjørnsen Saltveit — f. i 1842, d. i 1939 — at då han var 7, 8 år gamall, fekk faren seg ein ny treplog. Det var Ola Storasund, Torvastad, som arbeidde han, fortalde Mikal, og Gunnar smed på Storasund i Torvastad arbeidde kniv og skjære og sette på. Um faren hadde havt plog fyrr, visste Mikal ikkje. Jakob Engel Elleivsen Vikse, f. 1850, d. 1941, fortalde at då han var smågut, fekk faren treplog. Det var den fyrste plogen på Vikse og gjekk på lån yver heile Viksesgarden. Helge H. Grønhydler, f. 1853, d. 1937, fortalde at han kunde minnst då faren fekk treplog. Andreas Trulsen Bleivik, f. 1860, fortel at far hans hadde treplog, men ikkje bestefaren. I bestefaren si tid spadde dei åkeren. Bernt J. Hagland, f. 1870, d. 1938, fortalte at faren hadde ein gamall




Fig. 6. Plogen frå Kalland i Skåre
frå andre sida.

treplog, men han var ikkje bruka so lenge Bernt kunde minnst.

På Kalland var det Lars Osmundsen Kalland — f. 1832, d. 1923 — som fyrst fekk plog. Det må og ha vore kring 1860. Sonen, Mathias Kalland, som er fødd i 1857, fortel at han ikkje kann minnst

då faren fekk plogen. Faren fortalde at i fyrstningi då han bruka plogen, samlast folki på Kalland og såg forundra på kor fort det gjekk. Straks etter fekk tvo av grannane seg og treplog. Det er visstnok den eine av dei plogane som no er på museet. (Sjå fig 5 og 6.)

I Dalen — Tømmerdal og Fedjedal — var det Ommund G. Dalen som fyrst fekk seg plog. Kona hans var frå Haugo i Torvastad, og der var det ein mann som arbeidde plogar, Ommund Helgesen nedre Haugo. Fyrr Ommund G. Dalen var gift — i 1861 — fekk han Ommund Haugo til å arbeida ein plog åt seg. Han betala visst 3 dalar for han, fortel sonen, Halvor O. Dalen. Det var slik ei bisn å sjå på pløgjingi, fortel Halvor, at gamle Me'dael, Hans Andersen Tømmerdal, sat so lenge og såg på det ein kald vårdag, at han fekk frost i seg og vart sjuk og døydde. Han døydde 3. mai 1858, 95 år gamall.

I Røvær har dei og bruka treplog; men det er ikkje nokon som veit kva tid dei tok til med det.

På same måten er det i Utsira herad. Eldre folk fortel at dei hadde treplog til kring 1880, soleis på Austreim, Klovning, Skare og Nordvik. Men ingen har høyrte noko um kva tid dei tok til med det. Det er for langt attende.*)

*) Etter auksjonsboki åt lensmannen i Torvastad frå 1852 til 1861 vart det selt desse plogane:

I Skåre:

1. Ein gamall plog på Storasund 27/3 1857 for 2 ort 13 sk.
2. Ein plog på Storasund 29/9 1857 for 2 spd. 12 sk.
3. Ein plog på Storasund 27/3 1858 for 2 spd.

I Torvastad:

1. Ein stor treplog i Knarrevik (Viki) 22/6 1855 for 1 spd.
2. Ein gamall åkerplog på Grønningi 29/9 1856 for 2 ort.

(Framhald neste sida.)

I Førdesfjorden sokn, som høyrer til Avaldsnes herad, kann ein rekna med at der ikkje var mange plogar fyrr kring 1850. Christian G. Dalen, Skåre, f. 1854, d. 1938, fortalde at kona hans var frå Skeiseid, og far hennar fekk treplog det året ho kom til, det vil segja i 1850. Museet har og ein




Fig. 7. Plog frå Skeiseid i Førdesfjorden, Avaldsnes.

plog frå Skeiseid. (Sjå fig 7 og 8.) På Veim var det Knut Veim som fyrst fekk treplog. Det var Ommund Kolnes som arbeidde han, og det må ha vore i 1860-åri. På Stakkastad var det Knut Johannes Stakkestad som fekk den fyrste treplogen. Det må og ha vore i 1860-åri eller kring 1870. Og på Nesheim var Knut Nesheim den einaste som hadde treplog, og det var han som fyrst fekk seg plog med jarnfjøl. Det var visstnok i slutten på 1870-åri. På Nodland fekk Torbjørn Olsen treplog venteleg i 1860-åri. På Stegaberg hadde Endre Halvorsen treplog fyrsta i 1870-åri. På austsida av fjorden var det visstnok berre han og Lars Skeiseid som hadde plog dei tider. På Førde var det 3 som hadde treplog.

På gardane Aksdal og Helgaland i Førdesfjorden, var det ingen som hadde treplog, fortel Kristoffer Nodland, f. 1850, som var frå Helgaland. Den fyrste som fekk plog var verfar hans, Sjur Aksdal, og på den plogen var det jarnfjøl. Det var i siste halvparten av 1860-åri. Straks etter var det mange som fekk seg plog med jarnfjøl. Men på Aksdal har det likevel vore treplog tidlegare. På auksjon den 29. september 1846 «i Boet efter Lars Sæbjørnsen Axdals afdøde Hustrue Anne Thorsdatter af Augvaldsnæs Thingloug» var det selt «1 Arplaug med Lænke og videre Tilbehør» for 1 speciedalar.

Når dei på desse gardane i 1860-åri fekk seg plogar med jarnfjøl,

-
3. Ein plog på Skjølingstad 13/10 1856 for 1 spd. 1 ort 10 sk.
 4. Ein åkerplog i Føynå 30/10 1856 for 1 spd. 3 ort 4 sk.
 5. Ein åkerplog i Føynå 30/10 1856 for 2 ort 14 sk.
 6. Ein plog på Osnes 10/4 1858 for 2 ort.

I Utsira:

1. Ein plog hjå fyrvaktar Schmidt 26/10 1854 for 5 spd.




Fig. 8. Plogen frå Skeiseid i Førdesfjorden, Avaldsnes, fra andre sida.

heng det venteleg saman med at det då busette seg ein smed på Frakkagjerd, Kristian Fredrik Pedersen. Han var fra Halden, men vart gift til Frakkagjerd i 1860 og bygde seg hus der. Sonen, Simon Pettersen, f. 1864, fortel at faren, so han kan minnst, arbeidde

iallfall tvo plogar med jarnfjøl; og det er rimeleg at han arbeidde fleire. Simon trur helst at faren kjøpte plogfjølene ferdige. Faren var fødd i 1832 og døydde i 1891.

Lenger ute i Førdesfjorden, på dei gardane som høyrer til hovudsokni, Avaldsnes, hadde dei treplogar, soleis på Tuastad (sjå fig. 13 og 14), Fosen, Våga og Gismarvik. Men dei fleste spadde åkeren. Østen Hansen Fosen, f. 1848, fortel at det var visst etter han var konfirmera faren arbeidde seg plog; og han veit ikkje um andre enn faren som hadde treplog den tid.

På den store Myklabustgarden var det visstnok ikkje treplog. Der hadde dei 12 husmenn som spadde åkeren.

I Bokn herad har dei havt treplogar so lenge folk veit, soleis på Alvestad, Are*), Dagsland, Laupland, Sønnaland, Vatnaland og Våga. I eit skifte på søre Våga i 1791 var der «1 Vangse og Ristel med lecke», d.v.s. plogjarn. Sjå Rogaland Historielag Årshefte 1944 s. 36.**)

I Tysvær herad har dei visstnok ikkje havt plogar fyrr i 1850-åri. Sigve Lervik fortel at farfar hans, som var fødd i 1836, i sin ungdom tente hjå presten Jan Greve i Tysvær. Medan han var der, fekk presten seg plog; og det var den fyrste plogen i Tysvær, hadde farfaren fortalt. Far til farfaren var smed og arbeidde seg ein plog

*) I «Norske gaardnavne» X gissar professor Magnus Olsen på at gardsnamnet Are i Bokn kjem av ordet ard.

**) Det kan sjå ut til at dei berre sette takst på plogjarni og ikkje på heile plogen i avferdsbuer. Som nemnt s. 56 var det i eit skifte på Kalvaland i Skjold i 1826 «een gammel Vongse og Ristel»; og i eit skifte på Grønås i Moster den 21/6 1669 var der «1 Ristel och Vongsne». Sjå skifteprotokoll for Sunnhordland nr. 1 fol. 191 b.

etter modell av presten sin. Greve vart utnemnd til sokneprest i Tysvær i 1855; og det må ha vore i siste halvparten av 1850-åri han fekk plogen, kanskje i 1856.

Dette kann høva med andre opplysningar frå Tysvær.




Fig. 9. Plog frå Brekke i Tysvær.

Helleik Leirvoll, f. 1850, fortel at fyrsta han kann minnast, var det ingen som hadde plog.

Lars Hetland arbeidde den fyrste plogen på Hetland. Lars var frå Breivik under Vatnheim. Han var fødd i 1828, og det var venteleg kring 1860 han arbeidde plogen. Mågen hans, Torbjørn Hetland, bruka treplog til 1888.

På Haukås var der og treplog, og likeeins på Brekke. (Sjå fig. 9 og 10.) I den store, flate Falkeid-bygdi var det enno i 1870-åri og fram til 1885 berre tri mann som hadde plogar, og det var treplogar. Det var lensmann Jon Årvik, Ånen Falkeid og Kolbein Storhaug som åtte dei. Lensmann Årvik var den fyrste som fekk plog i Falkeidbygdi.

Tollef J. Kallekødt, f. 1848, d. 1945, fortalde at då han var smågut, var det ingen derikring som hadde plog*); men fyrr Tollef vart konfirmera, fekk faren treplog. Det må ha vore kring 1860.

I 1870-åri var det treplog i Steinsvik.

I Skjold herad hadde dei derimot treplogar frå gamalt av.

Torgils Lie, Skjold, f. 1852, fortel at «treplogar det var det gamla det». Han har aldri høyrte noko um kva tid dei byrja med det. Torbjørn Årek, f. 1865, fortel at heime hjå dei slong det ein treplog etter bestefaren, som døydd i 1849. Det var fleire som hadde gamle treplogar, segjer han. På Bjoland tala dei og um treplogane dei hadde havt fyrr, fortel Lars Bjoland, f. 1881. Enok Vestre, f. 1882, fortel at heime hjå dei var der ein gamall treplog som fylgde med jordi då faren kjøpte seg jord på Vestrå i 1865. Faren hadde ikkje

*) I landbruksskulestyrar Buddes «Beretning om Jordbrug og Fædrift», innteken i femårsmeldingi 1866—1870 frå amtmannen i Stavanger amt, heiter det at på Hundsnes, grannegarden til Kallakot, spadde dei åkeren. Budde skriv: «Der gives Gaarde af lige op til 6 Skylddaler, hvor — — — al Ageren spades. (Hunsnes)».




Fig. 10. Plogen frå Brekke i Tysvær, frå andre sida.

bruka plogen. I eit skifte på Kalvaland i 1826 var der «Een gammel Vongse og Ristel», so der har dei havt plog.

På Austreim hadde dei i 1860-åri ein treplog med laus veltefjøl, som dei kunde snu til båe sidor. Det er den einaste plogen av det slaget eg har høyrte gjete her i bygdane.

På Erland bruka dei treplog i 1870-åri, på Sundfør, Tveit og Våg til kring 1880 og i Stor-

dalen i Skjold til kring 1890. Folk har ikkje høyrte noko um kva tid dei tok til å bruka plog.

På same måten er det i Vats herad. Der kann og gamle folk fortelja at dei hadde treplogar i gamle dagar utan at dei veit kva tid dei tok til med det; soleis hadde dei treplog på Hustoft, Landa, Spartveit og Svantesvold. Stener Spartveit, f. 1864, d. 1945, segjer at dei hadde plog alle som hadde hest.

*

Um det soleis er på det reine at dei i sume Karmsundbygdar har havt plogar frå gamalt av, so var det likevel ikkje alle folk som hadde plog i desse bygdane. Til og med på store gardar i gamle plogstrok hende det at dei ikkje hadde plog. Soleis fortalde Bjørn Andersen Kvala, Skåre, f. 1866, d. 1937, at far hans, som budde på Øygarden på Kvala, hausta 70 lass*) korn, men han hadde ikkje plog. Dei spadde all åkeren. Grannane derimot, både på Kvala og Tornes, hadde treplog.

I dei andre bygdane var det ofte på same måten.

På Yrkje og Lindanger i Skjold spadde dei åkeren til etter 1890 og like eins på Halseid i Skåre. I 1901 vart det sagt til ein mann frå Halseid at han måtte kjøpa seg plog no. Mannen svara at han visste ikkje å få plog ned millom steinane på Halseid. Det var so mykje jordfast stein i åkrane; og det gjorde ikkje stort so lenge dei spadde**).

*) Sjå note *) s. 88.

**) Det kann nok henda at dei såg på steinane i åkrane med ein viss pietet og. Dei fortel um ein mann i Sveio at når dei sa han måtte skjota vekk steinane i åkeren, so svara han: «Dei har lege der i far si tid. Dei kann få liggja i mi og».

Dei som hadde treplogar, kunde heller ikkje pløgja all åkeren sin. Det var berre dei styrste og greidaste åkrane dei pløgde, fortel gamle folk; og i den tid var det mange bitte små åkrar.*) Ofte vart det




Fig. 11. Plog frå Haukås i Sveio.

mykje å spada på dei åkrane dei pløgde og. Det kunde vera opne veitor, gjerder, haugar, skiftor og anna som var i vegen. Ein mann frå Skeie i Avaldsnes fortel at jordi deira fyre utskiftingi låg i 24 stykke. På Vikingstad i Torvastad var det ein mann som berre kunde føda tvo kyr, men jordi hans låg i 18 teigar. Det vart difor skifter kor ein snudde seg og mykje spadnad.

3. Korleis var treplogen i bruk? Vinstrehandsplogane i Vats.

Når ein no ser at plogar har vore i bruk i alle år, kann det vera naturleg å spyrja kvifor ikkje alle bøndene skaffa seg plog. Korleis kunde det ha seg at dei på midt- og sørvest-Karmøy ikkje hadde plogar når dei hadde det både nord og sør på Karmøy? Og kvifor spadde ein mann på Kvala i Skåre åker til 70 lass korn so seint som i 1870-åri når grannane hadde plog og hadde havt det so lenge folk visste?

Desse spursmåli heng nøgje saman med spursmålet um korleis treplogane var i bruk. Var det nokon fyremun å bruka plog og horv? Eller var det like godt eller betre å spada åkeren?

Det syner seg at det fyrr var stor meiningsskilnad um dette. Der dei hadde havt plog frå gamle dagar, meinte dei sjølv sagt at plogen hadde sine fyremuner; men dei som ikkje var vane med plog, hadde derimot mangt å segja på plogar og pløgjing.

Den styrste og kanskje einaste fyremunen med plogen var at det gjekk snarare å pløgja enn å spada, og at det ikkje trongst so mykje folkehjelp når dei pløgde. Men samanlikna med moderne plogar gjekk det vel helst seint å pløgja med treplog. Ein av grunnane til det var at dei i gamle dagar alltid pløgde berre ein veg og kørde plogen tom den andre vegen.

*) Dei vilde ha mange åkrar for å få mykje «reinahøy». Det hadde seg so at dei hevda berre åkrane og ikkje engi og fekk difor det beste høyet på åkkerreinane.




Fig. 12. Plogen frå Haukås i Sveio, frå andre sida.

Ein lyt derimot rekna med at jordi ikkje vart so vel arbeidd med plog og horv som med spade; men skilnaden var nok ikkje so stor som mange trudde.

Elles var innvendigane mot plogen mange. I 1885 eller 1886 kom ein

av sønene på Tveitaskog (Øygarden) i Sveio heim med ein plog han hadde kjøpt på auksjon. Faren lika ikkje dette. Plogen skulde ikkje koma i jord, sa han. Det var ei hestadrepa. Han øydela jordi, og det vilde ikkje vaksa etter han. Dessutan drog han moldi av knausane, som dei køyrde mold på kvart år; og åkeren vilde verta full av ugras.

Tveitaskogmannen var ikkje åleine um dette synet. Det var ei vanleg meining der dei ikkje hadde plog; og sjølv um det var ei yverdriving, so var det noko i det som tveitaskogmannen sa, kanskje meir enn me skyner som er vane med moderne plogar og horver.

Me skal taka grunngjevingi fyre oss og sjå næmare på ho.

Plogen var ei hestadrepa, sa han; og det er ikkje til å koma burt frå at treplogane var tunge å pløgja med. Fjøli var i gamle dagar ei rett trefjøl (sjå fig. 9 og 10), og ho var stundom nokso lang. (Sjå fig. 11 og 12.) Skjæren, som stod i nær på rett vinkel til fjøli, var derimot heller kort. Plogane måtte difor verta tunge å dra*). Vidare var dei tunge avdi dei var so svære til å leggja mold på seg. Plogkaren måtte alltid ha ei tresleiv som han gjorde rein plogen med kvar gong han hadde pløgt ut ei for og gjerne fleire gonger i same fori. Sleivi bar han i eit band rundt uvleden. (Sjå fig. 4.)

Ein mann frå Bokn fortalde elles noko som skulle tyda på at treplogane ikkje var so svært tunge til å pløgja med. Han var fødd i 1867. Då han var 10, 12 år gamall, stod han ein gong og såg på då ein av sønene hans Hilje Dagsland pløgde. Det var treplog han hadde. Då kom Jens Laupland framum, ein stor, sterk kar. Jens sa han totte hesten stoppa so mange gonger i fori. Han som pløgde svara: «Du kann prøva å dra du». «Ja», sa Jens, «eg skal greida det betre enn den fillemmerri di». Dei sprette so hesten ifrå, og Jens

*) Sjå Hilmar Stigum i Bidrag til bondesamfundets historie I. Jordbruk og bondesyssel s. 122—125.

drog plogen ut ei heil for utan å stoppa fyrr han kom til endes. Det halla litt undan bakke; men det var eit karstykke likevel. Fori var ein 20, 30 meter lang.

Det vanlege var at dei bruka ein hest for plogen. Men dei som hadde tvo hestar, bruka som regel tvo når dei pløgde, og sume, som berre hadde ein hest, leigde ein attåt, når dei skulde pløgja. Knud Leem har ordet «tvidrætte» i tydingi «Toe Heste for een Ploug», so dei har bruka det på hans tid og.

Med tvo hestar pløgde dei kring 10 tumar breidt; men med ein hest kunde dei ikkje taka so mykje fyre. «Du må 'kje tru det var breide forer dei tok når dei pløgde med ein hest», sa ein gamall torvastadbu.

Serleg på Karten (nord-Karmøy) var det vanleg å pløgja med tvo hestar fyre plogen. Johan Rossabø, f. 1856, fortel at folk på Karmøy-sida i Torvastad ofte lånte hestar i Skåre, på andre sida av Karmsundet, til å pløgja med. Bendik J. Dalen, Skåre, f. 1864, fortel at faren leigde burt hesten sin til Karten til pløgjing, og so leigde han 3 mann til å spada åt seg og fekk like mykje i leiga for hesten som han betalte spadfolki.

Um treplogane var tunge for hesten, so var det lettare for plogkaren å pløgja med treplog enn med jarnplog, fortel dei. Moderne jarnplogar er helst tunge å slita på. Treplogane derimot var lette. Plogkaren gjekk på sida av plogen og heldt i handtaket med høgre handi når han pløgde. Med vinstre handi styrde han hesten, dersom han ikkje hadde ein annan å køyra åt seg. Gode treplogar heldt seg godt i fori, iallfall på slett åker. Var det delder i åkeren, hadde plogane derimot lett for å skjera seg uppor; og når dei skulde byrja på ei for, måtte dei ofte trø på plogåsen for å få plogen nedi.

Men det var ikkje alle treplogane som var so gode. Mange fortel at plogane søkte for lite, so dei måtte gå og trø på plogåsen stødt. Det var serleg når det var mykje kveka i åkeren, at plogen ikkje vilde søkja, at han vilde uppor. Sume hadde ein smågut til å sitja på plogåsen, og so sprang guten av når fori var ute. Andre hadde ein mann til å gå og halda på plogåsen. Dei fortel at dei måtte gå og leggja seg yver plogen og knova han nedi. På same måten var det forresten med dei fyrste plogane med jarnfjøl. Dei var ofte verre og ikkje betre.

Når tveitaskogmannen meinte at plogen vilde koma til å øydeleggja jordi, og at det ikkje vilde veksa etter han, so var det avdi dei meinte det var ei gamall røynsla at det voks ikkje so godt når

dei pløgde, som når dei spadde åkeren; jordi vart ikkje so godt sundsmuldra med plog og horv som når dei spadde. Men dei som hadde plog, meinte at treplogane gjorde godt arbeid. Hans Bergstøl, Skåre, f. 1836, d. 1923, var so svær til å pløgja. Han gjekk rundt og pløgde til folk. Etter at treplogane var avlagde, let han um at dei gamle treplogane var gode dei, når ein hadde tvo hestar fyre dei. No pløgde dei sjølvstakt ikkje so djupt som dei spadde; men folk som minnest det, segjer at dei pløgde 4, 5, ja 5, 6 tumar djupt med treplogane, so djupni var i grunnen ikkje å klaga på. Mange segjer at dei pløgde sikkert 6 tumar, og sume segjer 7, 8 tumar.

For å få moldi vel smuldra hende det og at dei pløgde tvo gonger med treplogen. Kristian Skjølingstad frå Torvastad, f. 1876, fortel at når dei skulde setja potetor, og det var mykje gras i åkeren, so pløgde dei fyrst ein gong og horva, so pløgde dei ein gong til på tvers av dei fyrste forene og horva påny. Var det mykje kveka, gjekk dei yver åkeren etterpå med eit potetgrev og hakka kveka upp med det. So sette dei potetone med plog; og seinare horva dei åkeren for ugras.

Det kann og vera noko i det når tveitaskogmannen sa at plogen drog moldi av knausane. Rett nok fortel mange som har pløgt med treplog, at treplogane velte godt, iallfall når det var fast åker. Men når det var laus mold, velte dei ikkje, men førde moldi til sides. Dei drog og mykje mold med seg, so det var stort «moldhove» i enden på åkeren. Dette retta dei ved at dei året etter pløgde andre vegen; men moldi vart nok dregi av knausane. Treplogane kunde heller ikkje leggja imot bakken. Der åkeren låg i eit bakkehall, laut dei difor pløgja undan bakken. Dei byrja i nedre kanten av åkeren og pløgde same vegen kvart år. Då måtte dei «kjøra rein», eller «kjøra opp reinå», det vil segja køyra mold frå den nedre reini til den øvre. Det gjorde dei fyrr dei tok til å pløgja um våren. I Vats der sume hadde vinstrehandsplog, som pløgde til vinstre sida, nytta dei denne annakvart år i dei åkrane der dei laut pløgja undan bakken. Det var for at moldi ikkje skulde verta dregi til same enden av åkeren kvart år. Vinstrehandsplogane styrde dei med vinstre handi.

At åkeren vilde verta full av ugras, kann det og vera mykje i; for når dei spadde åkeren, passa dei alltid på og tok upp ugrasrøtene, so dei fekk reinska åkeren for fleirårig ugras. No pitla dei nok ugrasrøter når dei pløgde og, men dei kunde kanskje ikkje få det so vel då.

I amtmann De Fines «Beskrivelse over Stavanger Amt» frå 1745 i Norske magasin III s. 112 heiter det: «— — — i dalerne finder man gaardenes agre, — — — hvilke bønderne mest med spaden dyrke formedelst de holde for, at plogene sætter og lægger formeget ukrud af græsrødder i ageren efter sig, hvoraf kornet, naar det opvoxer, kvæles».

Gamle folk fortel at borni måtte fylgja etter faren når han pløgde, og pitla trynskerøter — *r a n u n c u l u s r e p e n s* —, kveka — *t r i t i c u m r e p e n s* — og anna ugras or fori. Dei hadde ein spade eller eit grev til å hakka med og jamna fori og løysa «stadlane», d.v.s. dei stettane som plogen sette att i fori. Ofte hadde dei vaksne folk og, mannfolk eller kvinnfolk, til å fylgja etter plogen og «slå opp» fori. Ugrasrøtene samla dei saman, vaska dei, og gav dei til kyrne. Endre Knudsen Hinderager, Avaldsnes, f. 1852, fortel at dei slepte ut kyrne når dei pløgde, og kyrne gjekk i fori og henta ugras. Dei vart vane med det og var svære til å finna ugrasrøtene. Dei gjekk akkurat som fuglane, sa han. Kristine Hauge, f. 1852, d. 1942, frå Håland i Torvastad, fortalde og at dei av og til slepte ut kyrne når dei pløgde.

I den nemnde boki av H. Arentz frå 1779 heiter det: «— — — de beste Jorddyrkere iagttage den Maade, at naar Ploven gaaer foran, følge tvende Mennesker Strax efter, hver med sin Hakke, for at sønderhugge enhver Fure, og udpille de skadelige Rødder, hvilket ikke lidet beforder Frugtbarheden, og, skjønt et møisommeligt og langvarigt Arbeide, dog vel lønner Umagen».

Det var enno ein viktig grunn til at plogen ikkje var meir bruka, og det var det som grannen til tveitaskogmannen heldt fram — han frå Halseid i Skåre, — at det var so mykje jordfast stein i åkrane, at dei kom ikkje til med plog.

Men på den andre sida ser me at på sørvest-Karmøy, der dei har både slette og steinfrie jorder, var det mange stader dei ikkje hadde plogar. Og der kann ein framleides um vårane sjå folk, upptil 6, 7 kvinnor og menn, stå og spada etter måten store åkrar, flate som stovegolv og utan ein stein i. Dei set og potetor med spade; og dei set dei i senger, soleis som det vart gjort i gamle dagar. Til og med sume som har hest, gjer det på den måten.

Dette må vel i nokon mun koma av at Åkra og Skudenes fyrst og fremst har vore fiskarbygdar, og at jordbruket der ikkje på langt nær har vore drive so rasjonelt som t.d. på nord-Karmøy. Men den djupaste grunnen ligg vel i det, at dei held fast og trur mest på den




Fig. 13. Plog frå Tuastad i Avaldsnes.

gamle måten og ikkje får seg til å gå yver til noko nytt.

Det er vel kanskje helst denne konservatismen og trui på det gamle som har gjort at plogen ikkje vart spreidd vidare i gamle dager enn tilfellet var.

Mistrui mot plogar og pøgjing gjorde at folk og fann på ankemål som der

ikkje var nokon grunn for. Soleis sa dei på Syre i Skudenes at makken åt upp kornet når dei pøgde. Dei meinte at makken — stankelbeinlarven — heldt seg i holromet under forene; og det var difor dei var redde å pøgja.

Folk meinte og at når dei skulde horva ned kornet — og det laut dei gjera når dei pøgde åkeren —, so vilde hesten trø ned mykje korn; og dei meinte dette kornet kom so djupt at det kom ikkje upp.

Derimot kunde det vera ei verkeleg røynsle som låg bakum når dei i Åkra alltid spadde dei åkrane der dei skulde så reinkorn; for reinkornet treng både betre jord og betre vyrdsling av åkeren enn havren. Heime på Steinsnes i Skåre var det berre den beste åkeren som var god nok til reinkornet, og det måtte ha vore potetor i åkeren året fyrr.

Treplogane dugde ikkje til å pøgja mark med. Det var berre dei gamle åkrane dei pøgde. Skulde dei brjota ny åker, måtte dei til med spaden.

I seinare tid hende det forresten at dei pøgde mark med treplogane. Kristian Skjølingstad fortel at dei hadde ein svært god treplog, og at dei pøgde mark med han. «Han tolde det og», sa han. Samson Moksheim, Torvastad, f. 1852, fortel og at faren pøgde mark med treplog. Det same fortel Kristian Olsen Fosen, f. 1876, um far sin, som budde på Fosen i Avaldsnes. Sven E. Thuestad, Avaldsnes, f. 1861, fortel at dei pøgde mark med den treplogen frå Tuastad som no er på museet i Haugesund (fig. 13 og 14). Men so sa og farbroren, Nils Thuestad, um denne plogen, at han la so fint at dei kunde gjerne så på forene. Mathias Laupland, Bokn, f. 1866, fortel og at han minnest faren pøgde mark med treplog. Det var i 1876. Men plogen velte ikkje skikkeleg, segjer han. Det måtte gå

folk bakum plogen og spenna på fori, so ho ikkje datt nedi att. Det var nok etter at jarnplogane var komne i bruk at ein og annan prøvde å pløgja mark med treplog. Tidlegare gjorde dei ikke det.

Dette at dei ikkje kunde pløgja mark med treplogen, var elles ingen grunn til at folk ikkje fekk seg plog; for det var svært sjeldan dei braut ny åker i gamle dagar. Dei bruka same åkeren ut og ut.

Derimot hadde det kanskje noko å segja at det kosta å skaffa seg plog; og spadar laut dei ha, sjølv um dei hadde plog. Men på den andre sida kosta det pengar å leiga folk til å spada. Treplogane hadde og lett for å brotna sund når dei køyrde fast i ein stein eller ei bergnibba; og det kosta pengar å få dei vølte.

Utfallet av denne samanlikningi millom spade og treplog vert, som ein kunde venta, at spaden hadde sine fyremuner og plogen sine. Skal ein døma, lyt ein nok tilkjenna treplogen sigeren, sjølv um ein enno kann treffa folk som meiner at dei fekk meir korn på målet den tid dei spadde åkeren og bruka den gamle mykkvingemåten, enn dei gjer no.



Som nemnt bruka dei som hadde tvo hestar, baa hestane fyre plogen når dei pløgde, serleg på nord-Karmøy. I Vats derimot bruka dei heller tvo plogar når dei hadde tvo hestar. Thor Th. Lande, Vats, f. 1863, fortel soleis at på Spartveit og på søre Sjurseike pløgde dei med tvo hestar og tvo plogar då han voks upp. Dei bruka ein høgrehandsplog og ein vinstrehandsplog, eller ein retthendt og ein århendt, som han sa. På Spartveitplogane var det veltefjøl av tre; men Lande er ikkje viss på um det var trefjøl på plogane på søre Sjurseike. Han fortel at med desse plogane pløgde dei frå kvar sin ende av åkeren og treftest på midten. Der snudde dei og køyrde attende for å byrja på ny for. Dei pløgde soleis til same sida på åkeren med baa plogane.*) Fyremunen med denne måten å pløgja på var at dei




Fig. 14. Plogen frå Tuastad i Avaldsnes, frå andre sida.

*) Paul Leser: «Entstehung und Verbreitung des Pfluges» s. 169 med note

kunde pløgja heilt frå reini i båe endane på åkeren, sjølv um der var eitkvart som stengde i enden på åkeren, t.d. eit gjerde, ei elv eller anna. Når dei pløgde soverne åkrar med ein plog, stod det ofte ein mann i enden av åkeren og spadde for kvar for, eller dei pløgde på tvers i enden av åkeren etter det andre var pløgt. Men Lande segjer han såg aldri at dei pløgde på tvers i enden på åkeren i gamle dagar.

Stener Spartveit, Vats, f. 1864, d. 1945, som er sonen til den mannen på Spartveit som Thor Th. Lande fortalde um, fortel derimot at det var tvo høgrehandsplogar faren hadde. Vidare fortel han at dei pløgde halve fori med den eine hesten. «Dei slo av fori på midten», segjer han, og so heldt dei fram i same fori med den andre hesten og pløgde fori ut. Fyremunen med dette måtte venteleg berre vera det at det vart ikkje so lange forer for hestane og difor mindre kviling i forene.

Men det er heilt visst at det var fleire som hadde både høgrehandsplog og vinstrehandsplog i Vats, og at dei pløgde mot einannan i same fori. Soleis fortel Torgils Ohm, Vats, f. 1876, at far hans hadde ein århendt og ein retthendt plog med jarnfjøl. Det var Lars Eide, Vats, som hadde arbeidt dei. Med desse plogane pløgde dei frå kvar sin ende av åkeren på same måten som Thor Th. Lande fortel.

Gudmund Urdal, f. 1871, fortel at Zakarias Aurdal, Vats, som døydde kring 1865, hadde både vinstrehandsplog og høgrehandsplog; og Olav Sannes, Vats, f. 1886, fortel at det hadde faren og, men vinstrehandsplogen var ikkje bruka hjå dei etter det han kann minnast.

I Skjold hadde og sume vinstrehandsplog med jarnfjøl.

4. Meir moderne plogar og innverknaden av dei på formi på treplogen.

Rogalands landbruksselskap, eller Stavanger amts landshusholdningsselskab, som det heitte fyrr, tok i 1830 til med å skaffe gode og moderne jordbruksreidskapar til fylket, helst som modellar, som dei kunde få bygdesmedar til å arbeida etter. I 1831 fekk dei soleis ein «Eidsvoldsk Plaug til 1 a 2 Hestes Kraft» og ein einhestes «Nord-amerikansk». Ein må vel rekna med at på desse plogane var det vridd jarnfjøl eller iallfall vridd jarnslegi trefjøl. Same året gav selskapet gardbrukar Johannes Tronvik, Lund, ein plog i ærespremi.

114 fortel at dei bruka denne pløgjemåten i Noreg, serleg i Hardanger, på Voss og i indre Sogn.

Denne plogen er det bilæte av s. 325 i «Rogalands Landbruksselskap gjenom 150 år». Det er ein plog med vridde veltefjøl av tre. Styret vender bakyver og har tvo handtak. Etter bilætet å døma er den parten av fjøli som er næmast skjeren, jarnslegi. I 1833 heiter det: «En stor del Agerdyrkningsredskaber ere ogsaa iaar anskaffede efter Bestilling for at overlades de mindre formuende til nedsatte Priser, saasom 14 Plove av forskjellig Konstruktion». Selskapet heldt på med dette i 8—10 år. Då vart det slutt; for då haude folk på Jæren og i Ryfylke sjølv teke til å arbeida tidhøvelege plogar og annan reidskap. Men det tok enno lang tid fyrr plogar vart allemannseiga.

Um denne propagandaen fekk noko å segja for Karmsund-bygdane, kann ein ikkje sjå av den nemnde jubileumboki. Men i 1845 var det ein «Jernplaug» i avferdsbuet etter Nils Hanssen Steinsnes, Skåre. Plogen vart taksera til ein speciedalar, og ein må difor tru at plogen ikkje har vore ny. Ein lyt etter dette gå ut frå at dei har fått plogar med jarnfjøl i Karmsund samstundes med Jæren og Ryfylke, d.v.s. i 1830-åri.

På ein auksjon på Kvitsøy i Ryfylke vart det den 6. april 1846 selt «En Jernplov» for 3 speciedalar 1 ort og 8 skilling. Same året vart det på ein auksjon på Falnes prestegard i Skudenes selt ein plog for 3 speciedalar, og på auksjon i 1854 hjå fyrvaktar Smith i Utsira vart det selt ein plog for 5 speciedalar. Lensmann Ås, Skåre, kjøpte den i Utsira. Det har venteleg vore jarnfjøl på desse plogane og, etter prisen å døma.

Den plogen som presten Greve i Tysvær fekk seg i 1850-åri, var det og jarnfjøl på.

Endre Knudsen Hinderager, Avaldsnes, f. 1852, fortel at då han var smågut, hadde faren ein liten jarnplog med tregrind, og plogen var gamall då. Torgils Govertsen Årvold, Åkra, f. 1853, fortel at fyrsta han kann minnast, hadde faren plog med jarnfjøl. Det hadde fleire av grannane og. Den fyrste som fekk seg plog med jarnfjøl på Rossabø i Skåre, var Thomas Frantsen Rossebø, fortel Johan Knudsen Rossebø, f. 1856. Johan var då 8, 9 år gamall. Straks etter fekk grannane og plog med jarnfjøl.

Plogane med jarnfjøl var og grindplogar; men grindi var noko onnorleis enn på dei gamle treplogane meddi handtaket eller styret var bakum grindi. Det var likevel jarnfjøli som fyrst og fremst skilde jarnplogane ut frå treplogane. Tresolen eller ila var og burte på jarnplogane, og det var jamn yvergang frå plogfjøli til




Fig. 15. Plog frå Steinsnes i Skåre.

skjeren. (Sjå fig. 15—16 og fig. 17—18.)

Elles går det fram av det som er sagt framanfyre, at kring 1850 vann treplogen nytt terreng i Karmsund, den same plogtypen som hadde vore her frå gamalt av; men

etterkvart var det jarnplogen og seinare stålplogen som fekk yvertaket

I 1860- og 1870-åri var det mange som fekk seg meir moderne plogar; men so seint som kring 1880 var det enno mange treplogar i bruk i bygdane her. Sume bruka treplog heilt til burt i 1890-åri. På Fosen i Avaldsnes bruka Ole Hansen treplog til i 1893. Lars B. Spanne, Torvastad, fortel at hjå dei pløgde dei med treplog til 1892. På Skjølingstad i Torvastad pløgde dei med treplog til i 1892 eller 1893. Då fekk dei ny plog. Men dei bruka treplogen til å pløgja ned poteter med til etter 1900. Det var mange som bruka treplogen til det etter dei hadde fått andre plogar. Treplogane førde moldi betre yver potetone, sa dei.

*

På mange av dei treplogane som folk kann minnast, var det vridde trefjøl (sjå fig. 1—4, 7—8 og 13—14); og det kann vera eit spursmål um dette er noko dei tok etter dei moderne plogane som kom til Stavanger i 1830-åri.

Dei fortel at til plogfjøl nytta dei gamle båthalsar so sant dei kunde få fat i det. Den tid var det hogde halsar på båtane; og ein hogd båthals hadde nett den skikken som ei vridd plogfjøl skulde ha. Det var difor alltid spurdag etter båthalsar til plogfjøl, fortel gamle folk. Andreas T. Bleivik fortel at faren hadde nokre båthalsar, og dei gøynde han som gull.

Dette med båthalsar til plogfjøl var vanleg og velkjent i heile ytre Karmsund, frå Bokn i sør til Skåre i nord. Det kann difor ikkje vera urimeleg å tru at det er ein skikk som er eldre enn frå 1830. Eg har då heller ikkje høyrte nokon som kunde fortelja at det var noko nytt med båthalsar til plogfjøl, eller kva tid dei hadde teke til med det.

Ein ting til som kann tyda på at plogfjølne av båthalsar ikkje er ei direkte herming etter plogar med jarnfjøl, er at plogsolen og

skjeren har same formi som fyrr, og at dei sette båthalsen på plogen på same måten som ei slett veltefjøl — utan den jamne yvergangen frå skjere til fjøl som det er på plogane med jarnfjøl. Det ligg nær å tru at han som fyrst kom på å setja ein båthals til




Fig. 16. Plogen frå Steinsnes i Skåre, frå andre sida

veltefjøl på plogen sin, ikkje har havt ein plog med jarnfjøl å sjå etter, men at han ein annan stad har sett ein plog med vridde fjøl eller at han berre har høyrte um plogar der fjøli såg ut som ein båthals.

Folk i Karmsund-bygdane reiste mykje til sjøs, og dei har nok havt høve til å sjå plogar med vridde veltefjøl både her i landet, i Sverige og i England. Det har då vore lett for dei å sjå likskapen millom ei sovori plogfjøl og ein båthals. So kann dei ha reist heim og fortalt um desse plogfjølne som var på skap som ein båthals; og ein eller annan har kanskje so sett ein gammal båthals til fjøl på plogen sin og har funne at det var gode greidor.

Eg har ikkje hørt gjete at dei har bruka båthalsar til plogfjøl andre stader enn her i ytre Karmsund.

Det vanlege andre stader, der dei har havt vridde veltefjøl av tre, er at dei har havt jamn yvergang frå skjere til fjøl på same måten som på ein plog med jarnfjøl. Der må dei difor ha havt ein plog med jarnfjøl å sjå etter.

I Karmsund kann det derimot tenkjast at dei har havt plogar med vridde trefjøl fyrr det kom plogar med jarnfjøl hertil.

Den fyrste plogen her i landet som ein veit hadde vridde fjøl, var den sokalla falkensteinsplogen på Borre i Vestfold frå 1770.*) På den var det vridde, jarnslegi trefjøl, visstnok etter fyrebilæte frå England. Frå den tid vart det meir vanleg etterkvart med vridde plogfjøl, iallfall på flatbygdane på Austlandet.



Um det soieis kann vera eit spursmål um dei hadde teke til med

*) Sjå Hilmar Stigum i «Bidrag til bondesamfundets historie I. Jordbruk og bondesyssel», s. 120.

vridd trefjøl fyrr dei fekk plogar med jarnfjøl her i bygdane, so er det heilt visst at dei som arbeidde treplogar i seinare tid, tok etter eit og anna av dei meir moderne plogane. Soleis arbeidde sume handtaket på den måten at det kom bakum grind. (Sjå fig. 5 og 9. Jfr. fig. 15 og 17.) Istadenfor eit hol i plogåsen til festet millom ploggen og dillerne (sjå fig. 11 og 12) vart det vanleg med eit jarnbeisl eller ein jarnkrok. (Sjå t.d. fig. 1 og 3.) Kniven vart avstiva med ein jarnklave kring åsen. (Sjå t.d. fig. 9 og 10.) På landsida av plogfoten eller ila hadde dei ei jarnskina til å liva på foten. Det hende og at dei hadde ei fjøl langs foten, so landsida vart tett. Eg veit ikkje kva tid dei byrja med sovoren jarnklave og jarnskina. Men det må ha vore nokso seint at dei gjorde landsida tett; for landsida var ikkje tett på dei smedarbeidde treplogane heller. (Sjå fig. 16 og fig. 18.) På treplogar veit eg berre det har vore sovori fjøl på ploggen frå Øvrabø i Torvastad (fig. 3 og 4); men fjøli var burte då ploggen kom til museet.

5. Plogar med uvanleg form.

På dei treplogane som ein kjenner til i Karmsund, har det framme på solen alltid vore ein breid jarnskjere*) til å skjera under fori. For at ploggen ikkje skulde verta for tung, har solen lengst bak vore mykje smalare enn framme. (Sjå t.d. fig. 7 og 8.)

I Landbruksboken fig. 53 og i S. Hasund: «Vårt landbruks historie» fig. 96 er der bilæte av ein treplog frå Ryfylke. Ploggen er i Landbruksmuseet på Bygdøy. På denne ploggen er solen svært smal og ser ut til å vera umlag jamnbreid heile vegen. Framme er solen spissa nedyver, so ploggen skulde halda seg betre i jordi. Det er ikkje jarnskjere på ploggen no; men konservator Hilmar Stigum opplyser at der har vore. Skjeren må venteleg ha vore påsett på sida av solen. Elles ser ploggen nokso moderne ut med vridd trefjøl og til og med tvo handtak som vender bakyver.

I Stavanger museum er det og eit par treplogar frå Ryfylke; og på dei er det same slags sole som på den det er bilæte av i Land-

*) Plogjarn har dei havt frå gammalt av. I Magnus Lagabøters landslov står det at dersom nokon stel jarn av ard eller plog, skal han svara tridubbel skadebot til eigaren og betala bot attåt. Og i Heimskringla er fortalt um Harald Gille som laut gå på ni glodande plogjarn for å prova at han var sonen til Magnus Berrføtt.

bruksboken. Men på desse er det flat fjøl og gamaldags handtak. Det underlege er at på den eine av desse plogane er det ikkje jarn-skjere; men på sida av solen er det påspikra eit slags skjere av tre til å skjera under fori.

Ommund Hustoft, f. 1855, og Johannes Hustoft, f. 1859, Vats, fortel at då dei var smågutar, såg dei ein treplog hjå Osmund Lø i Vikadal, Ryfylke, som var av berre tre. Det fannst ikkje jarn på plogen. Til og med lekkjet millom plogen og dillerne var av tre. Dersom dette er rett, må det venteleg ha vore ein sovoren plog som den i Stavanger museum.



På museet i Haugesund er det eit plogjarn, skjere og plogkniv som er klinka ihop til eit stykke. (Sjå fig. 5 c.) Skjeren er svært kort og symmetrisk, so han har skore like mykje til båe sidor. Kniven må ha stade på framenden av fjøli. Kann henda dette har vore nytta på ein plog med laus veltefjøl, som kunde velta til båe sidor. Jarnet har tilhøyrt lensmann E. T. Nygaard, Gard i Skåre. Han var fra Sauda, og museet fekk jarnet etter han var avliden. Det ser ikkje ut til å vera so gamalt, og det er ulikt dei andre plogjarni ein kjenner på våre kantar. Derimot ser det ut til å vera same slaget på den treplogen som det er teikning av s. 34 i «Tidsskrift for landmænd» 1881 i ein artikkel av amtsagronom Anda. Anda segjer ikkje kor den plogen er frå, men han skriv: «Paa enkelte Gaarde paa Karmøen, muligt ogsaa enkelte andre steder i Ryfylke, samt paa nogle faa Steder i Dalerne, bruges endnu Træplaugen — Fig. 2». Den plogen han har teikna, skil seg nokso mykje ut frå dei treplogane me kjenner frå Karmsund-bygdane; og det er lite truleg det er her Anda har funne modellen til teikningi. Det må ha vore i Dalarne; for bygnaden på plogen er svært lik den arden han har bilæte av, og den var frå «Grænsen mellem Jæderen og Dalerne».

6. Kven arbeidde plogar?

Det er tidlegare nemnt at den plogen som far hans Mikal Saltveit fekk seg kring 1850, var arbeidd av Ola Storasund, Torvastad, og at Gunnar smed på Storasund arbeidde kniven og skjeren. Det kann sjå ut til at desse grannane, Ola og Gunnar Storasund, har drive med å arbeida plogar til folk, sidan dei selde denne plogen heilt til nord-Skåre. Ole Thorsen Storesund døydd i 1872, 72 år gamall. Gunder Nilsen Storesund døydd i 1875, 80 år gamall.




Fig. 17. Plog frå Mykjo i Avaldsnes.

Vidare er det nemnt at Ommund G. Dalen, Skåre, i 1858 fekk Ommund Helgesen Haugo, Torvastad, til å arbeida plog åt seg. Denne Ommund Haugo arbeidde mykje plogar. Han døydde i 1876, 64 år gamall.

På museet i Haugesund er der ein plog som han arbeidde i 1871 eller straks etter til far åt Christoffer Øvrebø, Torvastad, (fig. 3 og 4). På denne plogen er fjøli svært mykje vridd, og skjeren er nokso lang. Der har og vore ei fjøl som dekkja landsida på plogen, men den er no burte. Heile plogen so nær som veltefjøli er av ask. Veltefjøli er av hard fura. Museet har ein plog til, som visstnok Ommund har arbeid. Den er frå Haugo i Torvastad (sjå fig. 1 og 2). Andreas Hausken fortel at Ommund lika det best når han kunde få fat i båthalsar til plogfjøl.

Plogane til Ommund Haugo hadde eit sers godt ord på seg. Christian G. Dalen, Skåre, f. 1854, d. 1938, fortalde at kring 1870 fekk far hans ein plog med jarnfjøl. Det var ein plog som morfar hans på Rossabø hadde havt. Men treplogen som Ommund G. Dalen hadde, og som Ommund Haugo hadde arbeidd, var mykje betre enn denne plogen med jarnfjøl. «Ommund Haugo sine treplogar var so gode at ein kunde bruka dei um det var so idag», sa Christian.

Andreas Hausken fortel at Ommund Haugo var den fyrste i Torvastad som haustpløgde. Han prøvde plogane sine um haustane. Det var noko heilt nytt dei tider; men det var fleire som tok etter.

I Avaldsnes arbeidde Knud Larsen Lande treplogar til folk og vølte plogar. Horver og diller arbeidde han og. Han var fødd på Vikingstad i Torvastad i 1825. I 1869 kjøpte han seg jord på Låndo og døydde i 1900.

I Bokn arbeidde Jens J. Laupland plogar, og Mons Johannessen Are arbeidde plogjarn. Jens J. Laupland var fødd i 1812 og døydde i 1884. Han var far til Jens Laupland som drog plogen. Mons Johannessen Are var fødd i 1821 og døydde i 1903.

Elles var det vanleg at folk arbeidde plogane sine sjølv. Dei fekk ein smed til å arbeida kniv og skjere, og so gjorde dei resten sjølv. Det var smedar både i Haugesund og i bygdane som arbeidde plog-

jarn, horvetindar, spadejarn, jarngreiper og elles alt som trongst på ein gard.

Trematerialen til plogane laut dei og kjøpa, iallfall i dei ytre bygdane; for det er ikkje skog her. Dei fortel at når dei skulde ha seg ein plogås, gjekk dei til han Per Hamre på

Vedalmenningen i Haugesund. Han handla med allslags trekrokar, til band i båtar og allslag.

Dei eldste plogane med jarnfjøl var venteleg komne frå Jæren. Jamnfør det som fyrr er fortalt um han frå Hemnes som kom heim med ein plog frå Stavanger i 1854 eller 1855. Iallfall var det fleire her som kjøpte plogar frå Jæren i 1860-åri; men mange av plogane med jarnfjøl vart arbeidde av smedar her i bygdane. Soleis arbeidde Elias Årek, Skjold, plogar med jarnfjøl og selde, og likeeins Ommund Bjørnsen Kringeland, Skjold. Bjørn Fjeldheim, Skåre, som er sonesonen til Ommund Kringeland, fortel at då faren flutte til Fjeldheim, hadde farfaren arbeidd tvo plogar åt han, ein høgrehandsplog og ein vinstrehandsplog. Dette var visstnok i 1860; iallfall fekk faren då skøyta på Fjeldheim. Tidlegare er nemnt at Kristian Fredrik Pedersen på Frakkagjerd i Førdesfjorden arbeidde plogar. I Vats var der tvo plogsmedar, Lars Eide og Peder Lande. Dei arbeidde og både høgrehandsplogar og vinstrehandsplogar. På Hovdastad i Skudenes var det ein smed, Gunnar Holgersen Hovdastad, som arbeidde plogar, hovdastadplogar, som dei sa. «Vikesmeden» i Skudenes arbeidde og plogar. Han heitte Andreas Abelsen og var frå Vik, men budde på plassen Skålavågen under Falnes prestegard og reiste på sine gamle dagar (kring 1903) til Amerika. Serleg hovdastadplogane hadde godt ord på seg. På museet i Haugesund er det ein plog med jarnfjøl som skal vera arbeidd av ein smed i Koparvik til ein mann på Mykjo i Avaldsnes, (fig. 17 og 18). Far til Samson Moksheim arbeidde ein plog med jarnfjøl til seg sjølv. Det var visstnok i midten av 1860-åri. Faren var litt av ein smed.

Elles hende det at folk som ikkje var smedar, og prøvde å arbeida seg plogar med vridd jarnfjøl. Soleis fortalde Bernt J. Hagland at far hans hadde havt eit svært arbeid med å laga jarnfjøl på ein plog




Fig. 18. Plogen frå Mykjo i Avaldsnes, frå andre sida.




Fig. 19. Plog frå Spartveit i Vats, umarbeid frå treplog.

han arbeidde åt seg. Det var fyrr Bernt kunde minnast, men faren hadde fortalt det. Faren vølte plogar åt andre folk og, den tid dei hadde treplogar.

Det hende og at dei sette ny jarnfjøl på den gamle treplogen. Soleis fortel Stener Spartveit, Vats, at far hans kring

1875 fekk Lars Eide til å setja jarnfjøl på ein gamall treplog. Då vart plogen mykje betre, segjer han. Plogen er no på museet i Haugesund, (fig. 19 og 20). På treplogen frå Tuastad i Avaldsnes, som er på museet, er den fremste parten av veltefjøl jarnslegi. Det er med andre ord ein kombinasjon av trefjøl og jarnfjøl (fig. 13).

7. Namnet på plogen og lutene av plogen — no og for 200 år sidan.

Når ein skal tala um nemningane på treplogen, so er fyrst å segja at dei kalla han ikkje plog, men ar (= ard).*) Elles i landet har det vore vanleg å kalla ein plog med veltefjøl for plog og ein tilsvarende reidskap utan veltefjøl for ard.***) Men um dei her i bygdane sa ard um plogen, so sa dei alltid å pløgja. I Ullensvang i Hardanger, der dei heilt til dei siste åri har bruka ard (sjå fig. 21), sa dei at dei braut upp åkeren med ard, på same måten som me segjer «brota» med spade.

Her i Karmsund-bygdane kjenner ingen til ard i vanleg meining. Men det er rimeleg å tru at dei har havt den slags ard her og ein gong i tidi. Ein reknar arden for å vera ein eldre reidskap enn plogen; og ordet ard kann i bygdane her ha gjenge yver på den nye reidskapen då plogen avløyste arden. I Knud Leems «Norske Maalsamlingar» frå 1740-åri er nemnt ordet «krokar», «Et slags Plouge saa kaldede». Det står ikkje um Leem har dette ordet frå Avaldsnes;

*) På Finnøy og Rennesøy i Ryfylke sa dei veltar um treplogen. Med ordet veltar meiner dei «den som velter»; men det kann henda at den opphavlege tydingi er ein ard som velter, eller ard med veltefjøl.

**) Sjå Hilmar Stigum i «Bidrag til bondesamfundets historie I, Jordbruk og Bondesyssel» s. 99—100.

og ein kann nok rekna med at det ikkje er derifrå. Umbyttet frå ard til plog må ha gjenge fyre seg lenge fyrr den tid.

Sume andre namn i samband med plogen er og samansette med ordet ard. Plogåsen kallar dei i Skjold og Vats for *arhelma* (ei). I Tysvær segjer dei *helma*

(ei), og i Skåre, på Karmøy, i Utsira og Bokn segjer dei *arhelna* (ei) eller stundom *arheldna* (ei).*) I Avaldsnes segjer sume *arhendla* (ei). Plogfjøli kalla dei *arfjøl*, solen eller ila kalla dei *arfot*,**) og uppstandarane i plogen kalla dei *arslær*. Etter dei fekk jarndrag (kamb, beisl) på plogane, kalla sume det for *arkamb* (ein). Då dei i seinare tid fekk slepsko på meir moderne plogar, kalla sume den for *arsko* (ein). Tvidrettet eller tverrtreet som dei måtte ha når dei bruka tvo hestar, kalla dei ofte *ar-drette* (eit). Festet millom plogen og dillerne kalla dei og *ar-drette* eller *arlekkje* (eit). I Skjold og Vats, der dei kalla kjerreskjekene for diller, kalla dei stundom pløgsledillerne for *ar-drette*. Den tresleivi som dei bruka til å gjera rein plogfjøli med, kalla dei *arspa* (ein), *arskei* (ei), eller *arsleiv* (ei).

Der er og eit par andre ord som er samansette med ordet ard. Det eine er *arløyver* (ei arløyva), det vil segja det som arden løyver. Ein og annan segjer *arleiver*.***) Ein talar um å «spa' arløyver», det vil segja spada det som ein ikkje kjem til med plogen. Når dei fyrr pløgde ein åker, vilde det ofte stå sume stettar att avdi dei gamle åkrane ikkje alltid var firkanta, eller avdi det var eit kvart i vegen; og desse arløyver laut dei spada. Dessutan spadde dei i enden av åkeren; for plogen tok ikkje full djupn med det same dei byrja på ei for. Dei spadde arløyver lenge etter dei hadde fått fabrikkplogar; men litt etter litt slutta dei med det. Det vart umlag




Fig. 20. Plogen frå Spartveit i Vats, frå andre sida.

*) På ein auksjon på Storasund i Skåre 29/9 1857 vart seld «1 Ahrhelde» for 3 skilling.

**) I Ullensvang talar dei og um foten på ein verkeleg ard.

***) Hans Ross i «Norsk ordbok» har ordet ardleiva — frå Ryfylke — eller ardloyva — frå Suldal — i same tydingi.




Fig. 21. Ard frå Tveit i Ullensvang, Hardanger.

slutt kring hundradårskiftet; men enno hender det at folk spar arløyver.

Det andre ordet er *arrekke* (eit). Med det meiner ein den parten av åkeren som ein må snu hestane og plogen på i enden av åkeren, og som ein må pløgja tilslutt på tvers av dei andre forene, t.d. når der er eit gjerde for enden av åkeren. Dette ordet bruka dei i Skjold, Vats, Torvastad, Avalds-

nes, Stangaland, Bokn og Utsira; derimot ikkje i Skåre. Men tidlegare må det ha vore nytta i Skåre og; for i Gardsmarki, der som den gamle Skastadvegen gjekk, er det ein stad som vanleg vert kalla Tunga-brekko, men som sume kallar Arrekke. Fyrr var det ei liti grøn slett der. Ho var venteleg sett ut som eit arrekke. No ligg det i planteskogen i Storahaug. I Torvastad er arrekke framleides eit vanlegt ord.

Framme på arfoten var det ein skjere av jarn. Den kalla dei *vongse* (ein). Mikal Torbjørnsen Saltveit, Skåre, f. 1842, død 1939, Johan Knudsen, Rossebø, Norheim i Torvastad, f. 1856, Sven E. Thuestad, Avaldsnes, f. 1861, og Lars Størkersen Bjoland, Skjold, f. 1881, sa ikkje vongse, men *bongse*. Bjoland segjer at sume sa vongse, men dei eldste sa bongse. Kniven kalla dei *ristedl* (ein). Handtaket og dei tvo uppstandarane som det stod fast på, kalla dei *grindå* eller *argrindå*. I jordbrukslitteraturen er desse plogane kalla grindplogar; men det ordet nytta dei ikkje her i bygdane so lenge dei hadde berre det slaget plogar. Det trongst ikkje noko sernamn då. Etter her kom andre plogar, kalla sume einstyringane for grindaplogar i motsetnad til «tohendlingane», som dei segjer i Skjold. Uppstandarane i grindi kalla dei, som nemnt, *arslær*, *framslå* (ei) og *bakslå* (ei). I Skåre, Torvastad, Utsira, Skjold og Vats, kann ein og annan fortelja at dei kalla den bakerste uppstandaren *lettatre*. Den fremste kalla dei *dåslå* eller *arslå*. Når det heitte lettatre, var det avdi det var her dei stilte plogen, um han skulde gå djupt eller grunt. Den atterste enden av arhelma gjekk inn i lettatreet, og holet her var so romt at dei kunde setja kilar yver eller under arhelma og på den måten stilla plogen etter

som dei vilde at han skulde søkja meir og mindre. (Sjå t.d. fig. 2, 8 og 11.)

Svend Torvestad, Torvastad, f. 1870, og Lars Størkersen Bjoland, f. 1881, fortel at dei kalla handtaket på plogen for *handvitt* (ein). Malene Rønnevik frå Arabrot i Skåre, f. 1855, segjer og at ho trur dei kalla handtaket for *handvitt*.

Ein pinne som stod millom lettatreet og arfjoli for å halda arfjoli ut ifrå, kalla dei *snella*; men det er ikkje mange som kjenner det ordet no i den tydingi.

I Torvastad og Skåre kann gamle folk fortelja at det var noko på plogen dei kalla *skitthedl*; men dei kann ikkje greida kva det var. Elias Didriksen Hillesland, Skudenes, f. 1851, og Johan Glette, Skjold, f. 1870, kann derimot fortelja at *skitthedl* var ein pinne eller sole på vinstre sida på lettatre. A. Steinnes, Finnøy i Ryfylke, f. 1866, og Håkon Galta, Rennesøy i Ryfylke, kjenner og ordet i denne tydingi. Denne solen var til å halda haldet upp or moldi når dei køyrde plogen tom på åkeren. På alle treplogane på museet i Haugesund er der eller har vore ein sovoren sole. (Sjå t.d. fig. 2 og 3.) Når so mange har gløymt kva *skitthedl* var, so kann det kanskje koma av at dette ordet har fått ei onnor — yverførd — tyding. Ein gutunge som har skitna seg fælt ut, kallar ein gjerne for *skitthedl*. I denne tydingi er ordet velkjent. Det kann elles og nyttast som skjellsord.*)

Lars Bjoland, Skjold, fortel at det var noko dei kalla *aursjia* eller *aursjeva*. Helst sa dei *aursjeva*. Det var visstnok det som me no vilde kalla landsida på plogen, segjer han. A. Steinnes, Finnøy, kjenner og ordet *aurskia*.

I Knud Leems «Norske Målsamlingar frå 1740-åri» finn me att mange av dei ordi som her er nemnde.

Det heiter soleis:

«Ein Ar (Een Ar) d.v.s.: Efter Augvoldsnæs Præste-gields dialect een Ploug».

«Ein Ar-fot (Een Ar-foed) d.v.s.: Efter Augvoldsnæs Præste-gields dialect det Træe, som Ploug-jernet sidder paa».

«Ei Ar-helma (Een Ar-helme) d.v.s.: Efter Augvoldsnæs Præste-

*) Noko liknande er tilfelle med ordet trygel. Leem har ordet frå Avaldsnes i den opphavlege tydingi, eit lite trog. No brukar me i Skåre ordet «tryedl» berre som skjellsord um ein tung slamp av ein båt.

gields dialect, det lange Træ på Plougen, som Skiær-kniven sidder fast udi.*)

«Ein Vongsne (Een Vongsne). Saa kaldes i Augvoldsnæs Egn et Ploug-jern».**) Ivar Aasen i «Norsk ordbog» har ordet i formi vangsne, og på gamallnorsk heiter dei vangsni.

«Ein Ristel (Een Ristel) d.v.s.: Een Jern-kniv, som staaer tvert igiennem Plougen, og skiærer Jorden i synder i det mand pløyer».

«Eit Letta-tre (Et Lette-træ). Saa kaldes i Augvoldsnæs Egn et Træ i een Ploug, hvilket staaer liige op, og med sin nederste Ende staaer fast i dend bagerste Ende af Ar-foden — — — og med sin øverste Ende naaer op i Handvitten».

«Ei Slaa (Een Slaa) Saa kaldes i benævnte Egn et Træ i een Ploug, der ligeledes som Lette-Træet — — staaer liige op, og med sin nederste Ende staaer fast i Ar-foden, — — — og med sin øverste Ende naaer op i Hand-vitten — — —; Men staaer fremmen for Lette-Træet nærmere Ploug-jernet».

«Ein Skit-hæl (Een Skit-hæl) Saa kaldes i Augvoldsnæs Egn een liden Nagle i een Ploug, som, naar Hesten trækker Plougen paa bare Ageren uden at pløye med dend, letter Plougen op, at dend ikke formeget skal slæbes i Skarnet».

«Ein Hand-vitte (Een Haand-vitte) — — Det Træ paa een Ploug, som sidder øverst oppe, hvilket Træ mand haver Haanden om, naar mand gaaer og pløyer».

«Ei Our-skia (Een Our-Skie) saa kaldes i benævnte Egn et smalt Træ i een Ploug, som sidder jævnsides hos Ar-foden — — — og gaaer med sin fremmerste Ende tillige med Ar-foden ind i Ploug-jernet; Men med sin bagerste Ende sidder omtrent et Spand fra Ar-foden ved een Træ-nagle, der gaaer fra det ind i Ar-foden, og holder det, og Ar-foden fra hinanden. Samme Nagle bliver kaldet Snelle».

«Ei Snelda (Een Snelde) — — — Dend Nagle, som holder Ar-foeden, og — — — Our-skien i een Ploug fra hinanden».

Ordi handvitt og aurskia er so å segje gløymde i Karmsund no. Handvitten kallar dei haldet eller handtaket. Aurskia må dei ha slutta å bruka fyrr folk no kann minnast. På dei treplogane som

*) I Skåre segjer dei, som nemnt, arhelna; men ein mann frå Årabrot i Skåre sa arhelma. Han er av gamall Årabrotsætt, so den gamle formi av ordet har halde seg der og, på same måten som i Skjold og Vats.

**) På Kvalavåg i Avaldsnes er ei myr som heiter Vongsemyr, venteleg avdi ho har skap som ein vongse. «Vångsemyr», er nemnd i utskifting på Kvalavåg frå 1876—79.

er på museet, er det ikkje aurskia i den tyding som Leem brukar ordet. Snelda går på desse plogane frå lettatrete burt i veltefjoli. På denne måten vert veltefjoli haldi på plass, so det trengst ingi aurskia. Tidlegare må veltefjoli ha vore festa i aurskia.

Leem har og ordi stadl og tvidrette: «Ein Stadl (Een Stadl) Saa kaldes i Augvoldsnæs Egn Møg, og Underbor — — — i blandt hinanden inde i Huus, som Qvæget staaer paa, og træder sammen, at det er, ligesom det var pakkedt sammen. it: Et stykke Jord, som i Pløyningen paa Ageren sidder igien heelt, og uomveltedt ved det, at Plougen, i det man pløvede, imod Ploug-mandens Villie gik det forbie». «Eit Tvidrætte (Et Tvidrætte) d.v.s.: Toe Heste for een Ploug».



Når ein legg saman det som Leem skriv um dei einskilde lutene av plogen, får ein ei framifrå utgreiding um heile plogen. Det er den eldste og mest detaljerte utgreiding me har um grindplogen; og ingen annan har gjeve upp so mange namn på dei ymse lutene av plogen. Her har ein heile plogterminilogien.

Tidlegare har ein halde det som Hans Strøm skriv um plogen i boki «Søndmøres beskrivelse», frå 1762, for den eldste utgreidingi um plogen her i landet. Han segjer: «Plogen, hvis underste Del kaldes Underveden eller Aur-Skie og bestaar af tvende sammensatte Stykker, af hvilke den ene er lige, det andet lidt krumt, saa at de gaar spidst sammen foran, hvor Plogjernet sidder, men viger fra hinanden bagtil. Paa det sidste eller krumme Stykke Træ fæstes Væltefjælen, som er ganske flad, men i det første sættes tvende opreiste Træer, som gaar op gennem Har-Aasen (det er den lange Træstang, hvorefter Plogen trækkes) og ere oventil sammenføjede ved et Tvertræ, som tjener til Haandgreb eller Plogstjert, at nedtrykke og oplette Plogen med efter Fornødenhed. Foran i Har-Aasen staar en Jernkniv, som rasper mulden op».

Dette samstaver godt med dei opplysningane Leem gjev, kring 20 år tidlegare, um plogane i Avaldsnes.

Strøm gjev derimot ikkje mykje greida for namni på dei einskilde lutene av plogen. Det einaste namnet me finn att av dei som Leem har, er aurskia. Men det ser ut til at på Sunnmøre har dei ikkje skilt millom aurskia og arfot, men kalla alt for aurskia eller underved.

Kann henda det stundom har vore arbeidt av eitt stykke. Ivar Aasen, i «Norsk ordbok», har ordet aurskida i tydingi «det nederste stykke i en Plov, den Deel hvorpaa Plovjernet er fæstet». Han har

ordet frå Bergens stift. Plogåsen kallar Strøm haråsen, det vil segja ardåsen. Ivar Aasen har og ordet ardås i tydingi plogås; og han segjer at dette ordet «bruges ogsaa i nogle Egne, hvor «Ard» ikke bruges; saaledes har man paa Søndmør «Araas», men ikke «Ar».*)

✱

Ordet arleiva eller arløyva har, som nemnt, Hans Ross i ordboki si frå Ryfylke. Fleire av dei nemnde ordi på ar- frå Karmsund er kjende sume stader både i Ryfylke og i Sunnhordland, soleis arhelma og arhelna, arfot, arfjøl, ardrette, arlekkje og arspa. Derimot er dei opplysningane som er gjevne frå Sunnmøre um ordet arås eller harås, det einaste eg har funne andre stader ifrå um at namn på luter av plogen er samansette med ard. Det kann difor sjå ut til at det fyrst og fremst er i og kring Karmsund dei har kalla plogen for a r og bruka ordi arhelma (arhelna), argrind, arfjøl, arfot, arslær, arkamb og arsko som namn på luter av plogen og ardrette, arlekkje, arspa (arskei eller arsleiv), arløyva og arrekkje som namn i samband med plogen.

✱

Etter den noggranne skildringi Leem gjev um plogen, kann det ikkje vera tvil om at plogane dei hadde i Avaldsnes i 1740-åri, med små bridge var same slaget som dei treplogane som har vore i bruk i manns minne — heilt til kring 1900. Den eldste endringi med plogane var venteleg at dei sløyfte aurskia. Seinare fekk sume vridd trefjøl, og det vart elles gjort sume småendringar. Ein lyt kanskje og rekna med at sume av treplogane i seinare tid var heilt like dei gamle frå Leem si tid.

Ein kann og vera trygg på at då dei i 1740-åri hadde namn på kvar einskild lut av plogen — namn som har halde seg til no, 200 år seinare — so må det alt på den tid ha vore ein gamall — kanskje utgamall — plogtype her.**)

*) I Ullensvang segjer dei ikkje ardåsen, men leggen um åsen på ein ard — i vanleg meining. Der har dei med andre ord både fot og legg på arden.

**) No kann ein ikkje sjå heilt burt frå at storparten av namni på ploglutene kann ha vore bruka um lutene på ein grindard; men der er ingen opplysningar um at grindarden har vore bruka her, og der er ingen grunn til å tru at grindarden har vore den opphavlege reidskapen. Konservator Hilmar Stigum segjer i «Bidrag til bondesamfundets historie I. Jordbruk og bondesyssel», s. 116, at grindarden kjenner ein berre frå 1800-talet; og professor S. Hasund segjer i «Tidsskrift for det norske Landbruk» for 1915, s. 393, at grindarden er ei tillempling av grindplogen. Sjå og S. Hasund: «Or Noregs Bondesoge» (1942), s. 40, der den same avhandlingen er prenta på ny.

Det segjer seg då sjølv at dersom namnet ar er yverført på plogen frå ein eldre, opphavleg reidskap — ard i vanleg meining — so må det vera dugeleg lenge sidan arden i bygdane her vart avløyst av plogen.

Professor S. Hasund meiner*) at grindplogen har vore i bruk her i landet frå eldre jernalder, det vil segja frå fyre vikingtidi. I so måte er det difor ingen ting i vegen for å leggja umbyttet frå ard til plog langt attende i tidi.

II. Horv.

Horvi er ein reidskap som har fylgt plogen. I Magnus Lagabøters landslov er horv nemnd jamnsides med plog og ard.

Leem har ikkje teke med ordet horv i målsamlingane sine; men under ordet myla nem-

ner han horv som ein velkjend og sjølvsgd ting. Sjå her under bolken um mylderivor, s. 89.

Dei som hadde plog i gamall tid, hadde horv og. Plog og horv høyrde saman. Ettersom fleire fekk seg plog, fekk dei horv og. Det var for tungt å bruka mylderiva på pløgsla. Ein mann frå Avaldsnes, Østen Hansen Fosen, f. 1848, d. 1944, fortalde likevel at faren hadde plog, men ikkje horv. Faren arbeidde seg treplog dei tider Østen vart konfirmera. Dei var 7 gutar, og dei måtte følgja faren når han pløgde og slå sund fori med spade og pitla or ugras. So dei greidde seg utan horv. I Skjold og Vats fortel dei og at det hende folk hadde plog, men ikkje horv. Dei bruka mylderiva. Stener Spartveit, Vats, f. 1864, d. 1945, fortel at i gamle dagar horva dei åkeren og mylda ned kornet med bjørkeris. Dei køyrde riset med hest. Far til Stener bruka bjørkeris; men kring 10 år fyrr Stener vart fødd, fekk faren seg horv og slutta med bjørkeris. Lensmann Per Eikesdal i Vats bruka og bjørkeris den tid, segjer Stener.




Fig. 22. Horv med tretindar frå Alvestad i Bokn.

*) I «Tidsskrift for det norske Landbruk» for 1915, s. 394. Sjå og S. Hasund: «Or Noregs bondesoge» (1942), s. 41.



Fig. 23. Horv med tretindar frå Lindøy i Sveio.

På den andre sida hende det at folk hadde horv, men ikkje plog. Dei spadde åkeren, men horva kornet ned.

H. Arentz skriv i den nemnde boki frå 1779 um horvene i Ryfylke: «De brugelige Harver ere ikke af bedste slags, anseet at Piggerne, som skal løse Jorden, ere ikke af Jern, men af Træ, og satte for vidt fra hinanden». På samme måten var det i Karmsund og. Horvetindane var av tre. Men ein og annan hadde horv med jarntindar. I eit skifte på søre Våga i Bokn i 1791 var der «1 Jærn Harv» som vart taksera til 2 ort. Sjå Rogaland Historielag Årshefte 1944 s. 36. I 1817 heiter det frå Rennesøy i Ryfylke: «Jernharver ere sjeldne, men de fleste have dem af Tre». Sjå Rogaland Historielag Årshefte 1918, s. 15. Og i Jens Kraft: Topografisk statistisk beskrivelse over Kongeriget Norge bind IV — prenta i 1830 — heiter det s. 131 under umtalen av Ryfylkeøyane: «De fleste Harve, man bruger, ere af Træ». Sume horver må difor ha havt jarntindar.

Då Stavanger amts landhusholdningsselskab i 1830-åri arbeidde med å skaffa folk meir moderne gardsreidskapar, vart det og kjøpt horver med jarntindar. I 150-årsskriftet, s. 324 og s. 326, ser me at selskapet i 1831 kjøpte «1 Extirpator med 5 Labber», og i 1833 «6 jerntindede Harver af diverse Sorter»; og s. 325 heiter det at folk tinga jarn til horvetindar som dei kunde setja istadenfor dei gamle tretindane.

Kring 1850 var det enno tretindar i dei fleste horvene i Karmsundsbygdane.*)

*) Etter auksjonsbok for det gamle Karmsund og Hesby skrivardøme vart det i 1846 selt desse horvene:

1. På Haugo i Skåre 24/3 1846 ei trehorv for 6 sk.
2. På Meling i Kvitsøy 6/4 1846 ei jarnhorv for 2 spd. 4 ort 1 sk.
3. På øvre Bjørheim i Strand 14/6 1846 ei åkerhorv for 19 sk.
4. På husmannsplassen Rabben under Nordstokke i Stangaland 5/9 1846 ei horv med 23 tindar for 1 spd.
5. På Aksdal i Førdesfjorden, Avaldsnes, 29/9 1846 ei horv med 26 tindar for 2 ort 17 sk.
6. På Falnes prestegard i Skudenes 29/9 1846 ei horv for 4 spd. 11 sk.
7. På Asaldal i Stangaland etter lensmann Asseldahl 28/12 1846 ei horv for 1 spd. 2 ort.

Sume gamle folk fortel at dei hadde horv med jarntindar lenge fyrr dei slutta med treplog; og mange kann ikkje minnst horv med tretindar. Andre fortel at dei fekk jarntinda horver då dei fekk plog med jarnfjøl. Atter andre fortel at dei hadde horv med tretindar etter dei var slutta med treplog.




Fig. 24. Horv med jarntindar fra Skeiseid i Fjordesfjorden.

Ogso etter dei hadde fått horv med jarntindar, bruka sume den gamle trehorvi når dei horva potetor for ugras og til å horva ned korn med; for trehorvene gjekk ikkje so djupt. På eit bruk på Erland i Tysvær har dei heilt til dei siste åri bruka horv med tretindar til å horva ned korn med.

På Syre i Skudenes har dei og bruka horver med tretindar til no. Det kjem av at der er so laus sandjord at dei meinte horver med jarntindar vilde gå so djupt, at dei vart for tunge. I denne lause moldi var horvene med tretindar best, meinte dei.

Horvene med tretindar var like horvene med jarntindar på skikk, ei firkanta råma med tvo tverrstokkar i. (Sjå fig. 22, 23 og 24.) Andre gamle horvtyper har folk ikkje set eller høyrte gjete i bygdane her. Horvene var lette, og ein måtte oftast ha ein tung stein på dei, for at dei ikkje skulde «hoppa».

Etter auksjonsbok for lensmannen i Torvastad frå 1852 til 1861 vart det selt desse horvene:

I Skåre:

1. På Sørhaug 29/3 1853 ei horv for 3 spd. 5 sk.
2. I Bleivik 30/6 1854 ei horv for 4 sk.
3. På Storasund 27/3 1857 ei horv for 1 ort 4 sk.
4. På Storasund 29/9 1857 ei horv med jarntindar for 4 spd. 8 sk.
5. På Storasund 29/9 1857 ei horv med tretindar for 1 ort 14 sk.
6. På Storasund 29/9 1857 ei horv med tretindar for 1 ort 13 sk.
7. På Storasund 27/3 1858 ei horv for 2 ort 6 sk.

I Torvastad:

1. På Skjølingstad 13/10 1856 ei horv for 1 spd. 3 ort 12 sk.
2. I Føynå 30/10 1856 helvti i ei horv for 4 ort.
3. På Osnes 10/4 1858 ei horv utan tindar for 2 ort.

Utanum horvi på Meling og horvi med jarntindar på Storasund må det, etter prisen å døma, ha vore jarntindar i horvi på Falnes prestegard og i horvi på Sørhaug i Skåre. Det har med andre ord vore jarntindar i umlag fjordeparten av dei horvene som vart selde.

H. Arentz klagar yver at tindane stod for langt frå einannan i dei gamle trehorvene. Men det er gamalt her i bygdane at ei horv med for tette tindar vilde «sopa», d.v.s. draga moldi med seg, serleg um det var ugras i åkeren. Gamall røynsla hadde nok lært bøndene kor langt horvetindane skulde stå frå einannan; og tindane på jarntinda horver stod ikkje tettare enn tretindane.

Trehorver med jarntindar var i bruk so å segja på kvar gard til fyrstningi av dette hundradåret, og ein kann enno slumpa til å sjå dei på åkeren.

Til å festa horvi til dillerne nytta dei horvekrok, ein sjølvvaksen trekrok (fig. 26 f). Denne vart sett ned i det eine hyrna på horvi, so ho vart dregi etter hyrna. Sume bruka ein liten kjetting med eit tverrtre som vart sett ned under horvhyrna. Når dei horva, letta dei horvekroken — eller det andre festet — frå det eine hyrna til eit anna, so dei slapp snu horvi. I dei indre bygdane hadde sume ein sjølvvaksen, fast krok i tverrtreet på dillerne. Denne kroken sette dei ned i hyrna på horvi, so dei slapp bruka laus horvekrok.

I gamle dagar var dillene alltid av tre. Det er i seinare tid folk har teke til å bruka togdiller.

Dei bruka same dillene både når dei horva og når dei pløgde, og difor kalla dei ofte dillene for «pløsedilder».

Det vanlege var at dei horva med ein hest; men dei som hadde tvo hestar, bruka ofte tvo for horvi, iallfall til underhorving.

III. Spade.

Spaden har frå dei eldste tider vore ein vanleg åkerreidskap. Anten dei har havt plog eller ikkje, har dei lote havt spade.

Då Bergens Museum i 1906 og 1913 grov ut ein gravhaug frå vikingtidi i Torvastad, Sølushaugen på Gunnarshaug, fann dei ialt 15 spadar i haugen, sume heile og sume sunde. Spadane var heilt av tre, dei fleste av eik. Dette var nok den vanlege spaden dei tider; for dei fann same slaget i Osebergskipet og Gokstadskipet.

I seinare tider vart det derimot sett jarnskoning på trespaden. H. Arentz skriv i den ofte nemnde boki frå 1779 um spadane på den tid: «Disse Spader ere til det meste af Træ, endogsaa Bladet, med et smalt Jern af en Tommes Bredde fæstet derpaa til at Skjære Jorden».

Denne sorten spadar, som Arentz fortel um, men med noko breidare jarn, var den vanlege åkerspaden her i bygdane til i 1860- og 1870-åri. *) (Sjå fig. 25 b, c og d.) Då vart dei avløyste av spadar med heilt jarnblad. Elles hadde dei teke til med jarnspadar tidlegare og. På ein auksjon på Longåker i Skudenes den 7/11 1845 vart det selt ein jarnspade, og på ein auksjon på Storasund i Skåre 12/12 1856 vart det selt 4 jarnspadar. Etter det Arentz skriv, må jarnspadar ha vore kjende so tidleg som i 1770-åri. Når jarnspaden fortrengde den gamle åkerspaden i 1860- og 1870-åri, heng nok dette saman med byggjingi av fleire hovudvegar her i bygdane dei tider. Til vegarbeidet bruka dei jarnspadar, og bøndene tok etter.

Jarnspadane bruka dei og til åkerspadar. Dei var mykje lettare enn dei tjukke, jarnskodde trespadane, men so var dei heller ikkje so sterke. Dei bruka difor ofte trespadar med jarnskoning til å brjota ny åker, og desse spadane kalla dei stundom «brotingespar» eller «vodlaspar».

Skafti på jarnspadane kallar ein skaft eller spadskaft. På dei gamle spadane var det derimot spadtre og spadjarn. På spadtreet var det både skaft og blad, og spadjarnet var festa eit stykke nede på bladet, soleis at dei trødde på trebladet.

Utanum desse spadane bruka dei her i bygdane enno eit spadslag. (Sjå fig. 26 a og 27.) Spadjarnet var breidare, og det gjekk




Fig. 25. a. Trespade — åkerspade — frå Aksnes i Avaldsnes. b. Åkerspade frå Elias Dyrlands samling (sør-Karmøy). c. Åkerspade frå Sundfør, Skjold. d. Åkerspade frå Lunde i Ølen.

*) I Landbruksboken spalte 79—80 segjer professor S. Hasund: «Den almindelige spade eller reka anvendtes til arbeid i gjødsel eller muld», og konservator Hilmar Stigum skriv i Norsk Kulturhistorie bind 3, s. 58: «På Sør- og Vestlandet spadde man oftest op åkeren med en jernbeslått trespade, den såkalte åkerreke». I bygdemålet her er ikkje spade og reka det same. Ei reka er ein spade eller spadliknande reidskap av tre: 1. Til å moka saman kuskiten i fjosrenna, fjosreka. 2. Til å bera torv med, torvreka. 3. Fyrr tala dei og um ognreka. Det var ein liten trespade til å taka oska or bileggjaromnen og til å leggja i omnen med. Kann henda alle trespadar utan jarn vart kalla reka i gamall tid. I Vikebygd i Sunnhordland segjer dei ei fjosreka, men ei torvspøva.




Fig. 26. a. Åkerspade frå Øvrabø, Torvastad. b. Jarngreip frå Øvrabø, Torvastad. c. Breidsletjuga frå Øvrabø, Torvastad. d. Breidsletjuga frå Øvrabø, Torvastad. e. Orgravingsgrev frå Øvrabø, Torvastad. f. Horvekrok frå Øvrabø, Torvastad.

so høgt upp som bladet, soleis at det var jarnet som vart blad. Nedre enden av spadtreet gjekk ned i jarnet og hadde sovidt spadform. Tvers yver den parten av spadtreet som stod nedi spadjarnet, var det på baksida av spaden sett eit jarnband, ein «lås» av jarn, som i båe endar var klinka fast i spadjarnet, for å halda spadjarn og spadtre godt ihop og gjera spaden sterk. (Sjå fig. 26 a.) Spaden var ofte arbeidd soleis at dei skulde trø på han berre med den høgre foten.*) Spadtreet var difor ikkje symmetrisk. På høgre sida var det innskore ein vinkel for foten; og so var det lagt ei «klinka» av jarn frå denne

vinkelen og utyver spadjarnet og klinka fast i dette, so spadjarnet ikkje skulde eta seg upp i treskoen når dei spadde.

Det vanlege namnet på dei var «klinkespar» etter den klinka som dei skulde trø på. Endre Knudsen Hinderager, Avaldsnes, f. 1852, segjer dei kalla denne klinka for loka og spadane for «lokespar». I Utsira kalla dei dei «låsaspar» etter bandet eller låsen som heldt spadtreet på plass. Elles kalla dei desse spadane og for «brotingespar», og sume kalla dei «jerspar» eller «jernspar».

I landbruksskulestyrar Buddes «Beretning om Jordbrug og Fædrift», i femårsmelding frå amtmannen i Stavanger amt for 1866—70, heiter det um Ryfylke fogderi, som Karmsund høyrde til: «Spaden er et vigtigt Redskab i Egnens Økonomi, fornemmelig fordi en saa stor del Agre spades. Den er imidlertid ikke af bedste Slags. Tidligere bestod dens Blad næsten ganske af Træ med en smal Jernkant omgivende Træet i en Halvcirkel. Senere er denne blevet betydeligt bredere, saa Træet i Bladet kun danner en liden Udvidning af Skaftet. I det Sidste er en Del smaa lette og svage Spader, enkelt udsmidede, indførte fra udlandet, meget komne i Brug. I de meget løse Agre synes man ikke at vinde noget ved at indføre Brugen af

*) Fleire av dei spadane som er funne i gravhaugane, er og arbeidd på den måten at ein berre kann trø på dei på den eine sida.

de lette engelske Staalgreber til at spade med, endskjønt de visselig vilde være nyttige til dermed at bearbeide mere sammenholdende Jord og opkaste Smaasten og Fletninger af Rodugræs».

Det må og nemnast at her i byg-
dane har det i manns minne funnest
trespadar utan jarn. På museet i
Haugesund er der ein trespade frå
Peter Oftedal, Aksnes i Førdes-
fjorden. (Sjå fig. 25 a.) Oftedal,
som er fødd i 1885, segjer at spaden
har vore der på garden so lenge som
han veit; men han kann ikkje min-
nast at spaden har vore i bruk.

Johan Knudsen Rossebø, f. 1856,
uppvaksen på Rossabø i Skåre, for-
tel at dei hadde åkerspadar av berre
tre fyrsta han kann minnast. Bjørn Andersen Kvala, Skåre, f. 1866,
d. 1937, fortalde at då han var smågut, hadde faren trespadar utan
jarnskoning. Dei bruka dei til etter at Bjørn var med og spadde.
Han var då venteleg 9—10 år gamall. Bjørn fortalde vidare at faren
hadde spadar med ei smal jarnskoning; men dei var ikkje noko betre.
Dei vart berre ikkje so snart utslitne. Mathias H. Tornes, Skåre,
f. 1870, fortel at til han var 7, 8 år, hadde faren berre trespadar
utan jarn. Jakob E. Førland, Skåre, f. 1869, fortel at fyrsta han
kann minnast, var dei fleste spadane hjå dei av tre, og dei hadde
trespadar til han var i 10—11-års alderen. Det vil segja til kring
1880. Men det var nok reine undantak at folk bruka trespadar
so seint.

Samson Moksheim, Torvastad, f. 1852, segjer og at han har
høyrt gjete trespadar utan jarn.

Kristian Thorsen Fosen, Avaldsnes, f. 1878, segjer at faren for-
talde dei hadde havt spadar av berre tre. Faren var fødd i 1832.

Jakob Jensen Vold, Tysvær, f. 1860, segjer han kann godt minnast
at dei bruka åkerspadar av berre tre. Grannen, Kornelius Olsen
Vold, f. 1879, segjer at faren, som var fødd i 1837, hadde fortalt
at dei bruka trespadar utan jarn på. Likeeins fortel Tollef J.
Kallekodt, Tysvær, f. 1848, d. 1945, at han veit sume hadde det.




Fig. 27. a. Åkerspade frå Stakka-
stad i Førdesfjorden. b. Åkerspade
frå Skeiseid i Førdesfjorden. c.
Åkerspade frå Skeiseid i Førdes-
fjorden. d. Åkerspade frå Lunde
i Ølen.




Fig. 28. a. Torvspade frå Straum i Skjold. b. Torvspade frå Hoie i Førdesfjorden.

Knut A. Sakkestad fortel at faren, som var fødd i 1846 og var frå Sætri i Tysvær, hadde fortalt um spadar av berre tre. Det var dei fyrste spadane dei visste um, sa han.

Ole T. Bjordal, Skjold, f. 1883, fortel etter Ole Buavik, Skjold, f. 1823, d. 1910, at han hadde vore med og spatt Storåkeren på Bjordal med trespade. Seinare fekk dei trespadar med jarn på; og det var gode greidor. Etter gamle Samson Urå, Skjold, hermer dei derimot at han totte ikkje dei fekk so mykje og so godt korn etter dei byrja med jarnspadar som den tid dei hadde trespadar.

Thor Th. Lande, Vats, f. 1863, har og høyrte gjete trespade utan jarn.

*

Eit slags spade som skilde seg ut frå åkerspaden, var torvspaden. (Sjå fig. 28 og fig. 33 c.) Den bruka dei til å spada brennetorv med. Det hende at torvspaden og var av berre tre. Soleis fortel Johan Knudsen Rossebø, f. 1856, at på Rossabø var det fleire som hadde torvspadar av tre utan jarn fyrsta han kann minnst. Dei var av eik eller ask, helst eik. Elling Haugland, Utsira, f. 1873, fortel at då han var smågut, hadde bestefaren ein torvspade som det ikkje var jarn på. Spaden var ikkje i bruk etter Haugland kann minnst; men dei hadde fortalt at dei hadde tolekniv med seg i torvmyri og skar spaden kvass når han var vorten utskjemd. Kristoffer Østabøvik, Tysvær, f. 1867, d. 1946, kunde minnst at faren hadde torvspade av berre tre. Faren budde på eit plass under Steinsvik. Det vanlege var likevel at torvspaden var jarnskodd.

Torvspaden skilde seg ut frå åkerspaden med det at torvspad-jarnet var breidare enn åkerspadjarnet og gjekk ut i ein spiss på kvar sida. Soleis har torvspadane vore so lenge folk kann minnst. Formi har retta seg etter fyremålet. Med den skikken dei hadde, gjekk torvspadane betre i torvet og slepte torva betre enn åkerspaden vilde ha gjort. Johan Knudsen Rossebø fortel at det var same skap på torvspadane av tre som dei med jarn på. Dei bruka aldri torvspaden i åkeren, sa han.

I «Tidsskrift for Landmænd» 1881, s. 33—45, har amtsagronom Anda skrive um «ældre Redskapsformer». Der heiter det s. 44:

«Et Redskab, som ikke egentlig henhører til Jordbrugsredskaber, men som dog her paa Vestkysten «slenger ilag» med disse, er Torvspaden. Torvspadens Form er i de forskjellige Bygdelag ulige. Paa Jæderen bruges helst et retvinklet, firkantet Spadeblad med bredt og dypt «Jern». Torvspaden holder imidlertid her paa at afløses af engelske Jern- og Staalspader. Mest særegen form har den endnu paa Karmøen i brug værende Torvspade. (Fig. 21.) I Grunden ser den ud til at være et drabeligt Redskab; «Jernet» minder i sin form uvilkaarlig om de gamle Hellebarder. Da ser den tidligere i hele Distriktet almindelige «Agerspade» ganske anderledes uskyldig ud».

No, 65 år seinare, kann me segja her i Karmsund og at den gamle torvspaden snart er avløyst av fabrikkspadar. Men torvspaden har halde seg lenger i bruk enn den gamle åkerspaden gjorde.



Når dei spadde åkeren, tok dei til tidleg um våren. Når telen gjekk or jordi, kunde dei byrja å spada, sa dei. Men det hende at dei spadde sjølv um det var tele i jordi, so dei kom ned på klaken. Men dei sådde aldri so lenge det var klake i jordi. Det vanlege var at dei byrja å spada i fyrste halvparten av april, so dei kunde byrja å så den 14. april, fyrste sådagen.

Der dei skulde greida seg med eigi hjelp, kunde dei halda på med spadingi i 3, 4 vikor og vel so det stundom. Elles var det vanleg at dei som hadde mykje å spada og hadde råd til det, leigde spadarar. Dei kunde vera 10, 12 mann på åkeren, og stundom rakk dei fori ut. Folk som hadde liti råd, gjorde dogne og kunde då få gjort vinna i ein fart.

Dei stod på brjotingi mannfolk og kvinnfolk utan skil. Kvinnfolki fekk 10 skilling dagen og kosten og mannfolki 12 skilling; men folk som var serleg flinke til å spada, fekk stundom 15 skilling dagen.*) Borni måtte og vera med å spada frå dei var i 8, 10 års alderen.

Når dei spadde, og «braut torvo», som dei sa, hakka dei bassane

*) I Ryfylke var det vanleg at folk reiste til Jæren og spadde. Der fekk dei 1 ort for dagen og kosten, fortalde Thorbjørn Næss. Han var oppvaksen på Nes ved Saudasjøen, var fødd i 1852 og døydde i 1942. Han fortalde vidare at faren reiste kvar vår til stavangerkanten for å spada. Det heldt han på med til kring 1865. Han var m.a. på Viste, Harestad og Todnem i Randaberg, og han rodde åleine dei 8 gamle mil til Stavanger. Betalingi fekk han i korn. Vinna heime gjorde han etter han kom heim. Det var meir snøfast der enn på Jæren. På Nedstrand fortel dei derimot at dei reiste til Jæren og spadde etter dei hadde pløgt upp heime.

og smuldra moldi etterkvart, so dei kunde så utan at åkeren vart horva eller arbeidd med annan reidskap etter spadingi. Spadarane pitla og ugrasrøter or åkeren etterkvart som dei spadde. Dei tok røtene på spaden og heiv dei upp. Etterpå raka dei ugrasrøtene saman og gav kyrne dei.

Det gjekk snarare når tvo mann spadde saman, enn når dei spadde kvar for seg. Når dei spadde saman, kunde dei brjota større torva med ein gong. Difor spadde alltid tvo i lag. Hadde dei ein smågut med, måtte han stå millom tvo vaksne. Då muna det mest, og det var lettare for guten. Tvo (eller tri) som spadde saman på denne måten, kalla dei eit spadlag. Når dei var fleire spadlag og lagi treftest i fori, snudde dei og spadde andre vegen.

Tvo gode spadarar kunde greida å spada åker til tvo lass korn*) på ein dag; men då laut dei hanga i og nøyta dagen vel. Ein rekna med tri, fira lass korn på eit dekar, etter som åkeren var. På sør-Karmøy (Åkra og Skudenes) kalla dei 80 kvadratfamnar**) (= 283,4 m²) for «eit lass åker» og rekna med at ein flink mann kunde spada det på ein dag. Som regel vilde det verta eit lass korn på det. Det svarar til 3,5 lass pr. dekar.

Å spada var eit nokso tungt og trøyttande arbeid. Dei byrja tidleg um morgonen, klokka 6, og heldt på til soli gjekk ned. «Eg va' te fre's atte solå datt ne' så ein steidn», hermer dei etter ei eldre husmannsdotter på Ferkingstad som spadde for husbonden. Ho må ha vore trøytt. Ei kona frå Hagland fortel at då ho var smågjenta og stod millom mori og broren og spadde, var ho stundom so trøytt at ho kjende blodsmaken i munnen. «Men eg kom ikkje på å klaga meg», sa ho. Andre fortel at det var eit trivlegt og gildt arbeid å spada, serleg når dei var fleire i lag. Det var tyngre arbeid å mylda ned korn; for det røynde so på brjostet.

*) Eit lass korn = 10 skru = 120 band, kornband. Den tid dei hadde den gamle havren, rekna dei ei tunna korn av lasset for svært god givt. Ei tunna gamall havre var 72 kg.

**) Dei skridta åkeren og rekna 2 skridt i ein famn. Ein famn = 6 fot.

IV. Mylderiva.

Der dei spadde åkeren, bruka dei mylderivor til å mylda ned kornet med. Det hende dei mylda fyrr dei sådde og, og samla saman ugrasrøter. Dei som pløgde og horva, bruka mylderiva langs reinane og elles der dei ikkje kom til med horvi.

I gamle dagar bruka dei mylderivor med tretindar.

(Sjå fig. 29 b og c.) Det er mange enno som kann minnst at dei bruka det. Men det vanlege var at det var jarntindar i rivone (sjå fig. 30 b); og det hende dei hadde mylderivor med jarnhovud. Det kunde vera upp til 11 tindar i rivone; 7—9 var det vanlege.

Arentz segjer: «Paa mange Steder kan end ikke Harve bruges, nemlig paa alle Steder, hvor ikke Plov kan anvendes, i dens Sted betiener man sig da af de saakaldte Harve-River, besatte med Jernmeest med Træ-Pigge, som allene med Menneskers Magt drives frem og tilbage». Her ser ein at det var dei som bruka mylderivor med jarntindar fyre 1779.

På Syre i Skudenes har dei heilt til no i seinare år bruka mylderivor med tretindar. (Fig. 29 b og c.) Det er den lause sandjordi som gjer at dei har halde på tretindane i mylderivone på same måten som tretindane i horvene. Elles i bygdane segjer dei og at mylderivone med tretindar «gjekk betre» i åkeren og var lettare å mylda med. Rivone med jarntindar var so tunge at dei sokk ned i moldi, og so drog dei så(kornet) saman i dungar.

I Leems målsamlingar finst ikkje ordet mylderiva. Derimot har han: «Aa Myla (at Myle) d.v.s.: Efter Augvoldsnæs Egns Talemaade Med een Rive at Rage Mulden over det udsaaede Korn, og saaledes med Muld At Bedække det, hvilket gøres med det Korn, som ligger nærmest Ager-reenen, og som mand derfor ikke kand naae med Harven at skiule det». Leem skriv som um alle bruka horv. Dette syner at det på nord-Karmøy må ha vore like vanleg med horv og plog i hans tid som i manns minne.

I dei indre bygdane — Skjold, Tysvær og Vats — segjer dei «Mølleriva» og å «mølla» ned kornet. I Skjold og Tysvær segjer




Fig. 29. a. Kaps frå Klungland i Ølen — til å breida myk med. b. og c. Mylderivor — horverivor — frå Syre i Skudenes.




Fig. 30. a. Potetriva frå Øvrabø i Torvastad.
b. Mylderiva frå Øvrabø i Torvastad.

I Skudenes talar dei stundom um å «molla» ned kornet. Elles segjer dei i Skudenes, Åkra, Stangaland og Bokn «horveriva» og «horva» ned kornet. Det segjer dei og i Ryfylke og stundom i Tysvær og ytre Førdesfjorden.

*

Til å tyna ugraset med i potetåkeren har dei bruka ei riva med mindre hovud, men elles heilt lik ei mylderiva. (Sjå fig. 30 a og fig 31 c.) Hovudet var av tre, men tindane av jarn. Der var berre 4 eller 5 tindar i dei rivone, so rivehovudet fekk god plass millom potetrastene. Rivone såg med andre ord ut som eit kaps,*) og i dei bygdane dei frå gammalt av har bruka kaps til å kapsa sæta med, har dei kalla desse potetrivone for kaps, og dei har bruka same kapsi både til å kapsa sæta og til å kapsa potetone, soleis i Valestrand og Vikebygd i Sunnhordland og sume i Skjold. No er det avlagt å kapsa sæta, so no kapsar dei berre potetone. I Karmsund-bygdane har ein kalla desse rivone potetriver, hakke-river eller beint fram millingeriver eller mølleriver. Ein mann frå Fosen — i grensestroket millom mølleriva og horveriva — sa at det var mølleriva dei bruka i potetone, men kornet horva dei ned med horveriva.

Ein må rekna med at i Karmsund-bygdane er potetriva ein reidskap som er komen til etter dei byrja å dyrka potetor.

I denne samanheng kann det vera verdt å nemna ei einskild mylderiva av eit eige slag. (Sjå fig. 31 b.) Det er jarnhovud på ho, og det er laga som ein vinkel. Riva er i museet i Haugesund og er arbeidd av Henrik Andreas Dybdahl, Asbjørnshaug i Skjold. Han var fødd 1822 og døydde i 1877. På den tid hadde dei teke til å setja potetor i rylar, og med denne riva meinte han dei skulde kunna mylda rylen på bae sidor med ein gong. Men riva var tung og gjorde ikkje so godt arbeid som han hadde tenkt seg. Det vart difor ikkje arbeidd fleire rivor av det slaget. Men det er interessant å sjå korleis dei prøvde seg fram med nye reidskapar. Stundom slo dei til og stundom ikkje.

*) Sjå bolken um bretletjugor og kaps s. 95—96 og fig. 29 a.

V. Greip.

Det er ikkje berre spadar ein har funne frå gamletidi, men greiper og. Soleis var det ei greip i Oseberg-skipet; og i 1908 fann dei ei greip i ei torvmyr på Jæren. Både desse greipene er av tre; men dei liknar meir på ein spade eller ei skuffel enn på dei tregreipene som i seinare tider har vore i bruk her i bygdane. Her har dei havt to slag tregreiper, stallgreiper («stadlagreiper») (fig. 32) og torvgreiper («torrgreiper») (fig. 33).

Stallgreipene bruka dei til å lessa sæta med. Det var tri tongar på dei. Den midterste tongen var same stokken som skaftet, og dei tvo andre tongane var festa i tvo tverrtre eller slær. Det øverste tverrtreet — «tverrslåna» = tverrslåi — var det sett tri hol i, eitt til skaftet og eitt til kvar av dei tvo ytre tongane, soleis at skaftet var sett inn i det midterste holet, og øvre enden av dei ytre tongane var stemde inn i dei andre holi. Eit stykke nede på tongane var eit anna tverrtre — «midtslåna» — stemt igjennom alle tri tongane. Stundom hadde dei sett jarnhylsor på tongaspissane, so dei ikkje skulde verta so snart slitne. Greipene var ofte arbeidde av ask eller brake. Elles bruka dei det treslaget dei hadde.

Torvgreipene bruka dei til å bera torv på når dei spadde torv. Det var tri tongar på dei og; men desse greipene skilde seg ut frå stallgreipene for det fyrste med det at det var noko spinklare vyrke i dei, og for det andre var dei arbeidde på ein litt annan måte. Medan det øverste tverrstykket — tverrslåi — på stallgreipene var sett ned på tongane, var både tverrstykket på torvgreipene stemde igjennom tongane; og dei ytre tongane gjekk tvo, tri, kanskje fire tumar ovum det øvre tverrstykket. «Øvra og ne'ra slåna» sa dei um tverrtrei. Dei bruka ikkje tverrslå på torvgreipene; for ei torva som kom so høgt på greipi, vilde ha hengt seg upp i tverrslåi og rive seg sund.

Det er grunn til å tru at dette er gamle greiptyper. I mål-




Fig. 31. a. Potetgrev av tre frå Torsnes i Vikedal. b. Eit slags potetriva frå Asbjørnshaug i Skjold. c. Potetriva frå Sundfør i Skjold.




Fig. 32. a. Stallgreip frå Aga i Hardanger. b. Stallgreip frå Lyngbakken av Fjon i Sveio. c. Stallgreip frå Kringleland i Skjold. d. Stallgreip frå Veim i Førdesfjorden, Avaldsnes.

samlingane til Knud Leem frå 1740-åri heiter det: «Ein Onge (Een Onge) Saa kaldes i Augvoldsnæs Egn een Kloe paa een Greeb. Een Greeb haver 3 Kløer, og eenhver af dem bliver kaldet een Onge».*) På den tid hadde dei soleis greiper med tri tongar; og ein må rekna med at denne typen er mykje eldre enn so. I Norsk kulturhistorie bind 3, s. 55, skriv Hilmar Stigum at det venteleg kom i bruk ei ny hevdgreip i Noreg i reformasjonstidi; og det er visstnok den tri-tinda greipi han meiner.

I dei ytre bygdane er det berre dei eldste folki som kann minnast stallgreiper av tre. Det ser ut til at dei kom burt i 1860-åri. Folk hadde istaden fått seg jarngreiper. Inn i bygdane slutta dei ikkje so tidleg med tregreipene. På Tveitaskog og Lyngbakken i Sveio bruka dei soleis tregreiper til å lessa sæta med i 1880-åri.

Torvgreipene heldt seg mykje lenger i bruk enn stallgreipene av tre. Det er fyrst i dette hundradåret at stålgreipene har fortrenkt torvgreipene; og sume brukar torvgreiper av tre den dag idag. Jarngreipene kunde dei ikkje bera torv på.

På Karmøy bruka dei helst reker — «torr-reker» — til å bera torv på. Johan Knudsen Rossebø fortel at på Rossabø i Skåre bruka dei både reker og greiper til torvbering. Elles har dei her i bygdane berre bore torv på reker når dei bruka torvmaskin; og dei rekone var onnorleis enn dei bruka når dei spadde torv. Når dei bruka maskin, var torvet so blautt at det hang ikkje på greip. Jamnfør uttrykket: «De' henge verken på greip elle' reka». Der dei hadde seigt torv, som t.d. i Utsira og på sør- og sørvest-Karmøy, bar dei torvet i nevane eller på båra. Ja, der bar dei torvet i nevane sjølv um det var nokso blautt. Dei var vane med å gjera det på den måten. Lars K. Lervik, f. 1845, d. 1943, fortel at på Lervik i Tysvær bar dei torv på åkerspadar. Dei valde ut dei lettaste spadane.

*) I bygdemåli no heiter det helst ein tonje og tvo tongar. I Skåre heiter det ein «ånje», tvo «ångar». Det segjer sume i dei andre bygdane og.

Greiptongane var alltid litt bogne opppyver. Det galdt både stallgreiper og torvgreiper. Der-
som tongane ikkje svinga nok
upplyver, sa ein at greipi var l a t.

Folk som kann minnast at dei
leste sæta med stallgreip av tre,
fortel at dei stod framanfyre
«stadl» og flakte sæta laus med
greipi. Dei kunde ikkje stå uppå
«stadl» og setja greipi ned i sæta.
Dei tider bruka dei smålyng som
var slegen med «ondeborsljå», til
underburd («ondebor») i dei ytre
bygdane og smålyng og brake i
dei innste;*) og når smalen

trakka «ondeboren» og sæta saman i ein fast «stadl», var det ikkje
tale um å kunna brjota sæta laus med tregreip ovantil. Skulde dei
få sæta laus, måtte dei flekkja ho laus framantil.

Dei som hadde vore vane med tregreip, totte det var ein svær
lette då dei fekk jarngreiper, sjølv um dei var grueleg tunge. Med
dei kunde dei stå uppå «stadl» og brjota sæta laus. Arbeidet gjekk
mykje lettare då. Det var mykje meir krumme tongar på jarngreipene, so dei var gode til brekka med. (Sjå fig. 26 b og fig. 34 b og c.)

Jarngreipene må ha vore i bruk lenge fyrr det vart slutt med
tregreipene. Mest på kvart einaste tun har det slonge hovud av
gamle jarngreiper; og på 13 auksjonar i Skåre frå 1853 til 1861
vart det selt 11 jarngreiper og 11 tregreiper. Av tregreipene var
9 på ein auksjon, so ein må rekna med at mesteparten av dei må
ha vore torvgreiper. Utanum dei som er kalla jarngreiper og tre-
greiper, var 4 kalla stallgreiper og 4 berre greiper. Etter prisen
å døma må alle 4 «stallgreipene» og 2 av «greipene» ha vore av jarn.
I eit skifte på Austreim i Skåre i 1844 var der tri jarngreiper, og
i eit anna skifte på Austreim i 1830 var der «1 Staldgreb» som vart
taksera til 2 ort, so det var utan tvil ei jarngreip.




Fig. 33. a. Torvgreip. b. Torvgreip frå Skeiseid i Førdesfjorden. c. Torvspade frå Hagland i Skåre. d. Torvgreip frå Skeiseid i Førdesfjorden. e. Torvgreip frå Stakkastad i Førdesfjorden.

*) I Torvastad der dei ikkje har nemnande lyng, bruka dei halm til å breida under med; men den kalla dei ikkje underburd, men «ondebresla». I dei innste bygdane bruka dei mykje einstape til «ondebresla».




Fig. 34. a. Avlessingsgreip frå Bua-
vik i Skjold. b. Stallgreip frå
Glette av Sundfør i Skjold. c.
Stallgreip frå Storaite av Sund-
før i Skjold.

Då dei amerikanske stålgreipene kom i bruk her i bygdane i 1870-åri, vart det snart slutt med jarngreipene i dei ytre bygdane. I bygdane lenger inne gjekk yvergangen ikkje so snart for seg. Der bruka mange jarngreiper til kring hundradårsskiftet.

I Skåre og dei andre bygdane her ute talar eldre folk berre um «stadlagreiper», greiper, tregreiper og jarngreiper når talen er um desse gamle greipene. Når ein kjem inn til Skjold og Vats, skil dei derimot millom «stadlagreiper» og «setjिंगgreiper». Eg har og høyrte ein gamall skjoldabu segja «utøvesetjिंगgreip». «Stadlagreipene» bruka dei til å lessa med, og «setjिंगgreipene» bruka dei når dei skulde «setja åkeren» eller «setja utøve», d.v.s. hiva sæta utyver åkeren. «Setjिंगgreipene» bruka dei og når dei skulde «jamna stadl», jamna moksteren utyver «stadl».

Denne skiljemåten millom «stadlagreip» og «setjिंगgreip» er venteleg komen upp etter at folk hadde fått seg stallgreiper av jarn; for då leste dei med jarngreip og heiv utyver med tregreip. Det var tvo grunnar til at dei gjorde det. For det fyrste var tregreipene lettare til å hiva utyver med, og for det andre so måtte dei spare på dei dyre jarngreipene, so dei ikkje sleit dei ut. Seinare fekk dei seg setjिंगgreiper av jarn. (Sjå fig. 34 a.) Dei var det flate tongar på, og dei greipene var mykje lettare enn stallgreipene. Tongane var og rettare enn på stallgreipene. Men det var mange som heldt på tregreipene til setjिंगgreiper, og sume bruka tregreiper heilt til 1890-åri.

I seinare tid talar dei i Skjold og Vats um «avlessingsgreiper» istadenfor setjिंगgreiper. «De' e kje så lenje si' me fekk dei amerikanske stålavlessingsgreipedne», sa ein skjoldabu. Til å byrja med nytta sume stålgreipene berre til å lessa av med. Dei var redde dei skulde brekka dei av dersom dei skulde lessa med dei.

I dei ytre bygdane har folk og tala um å «setja åkeren». Men eg har her aldri høyrte nokon tala um «setjिंगgreiper». Det hende nok at sume leste med jarngreip og heiv utyver med tregreip; men

det vanlege var at dei nytta same greipene både til å lessa med og til å hiva utyver med. Nord i Valestrand i Sunnhordland heiv dei utyver med torvgreiper.

VI. Breidsletjuga og kaps. Den gamle mykkvingemåten.

Til å breida sæta med på åkeren nytta dei breidsletjugor. Ei «bretletjua» heiter det på bygdemålet her. Sume segjer (ei eller ein) «bretletju».*) Ein og annan, serleg i Skjold, segjer bresletjua.

I siste halvdel av 1800-talet var breidsletjugone helst av jarn. D.v.s. hovudet var av jarn og skaftet av tre. Men sume hadde breidsletjugor av berre tre. Det var det gamle slaget. Dei var arbeidde av eitt tre-stykke, ein stokk som i eine enden skilde seg i tvo eller tri sjølvvaksne greinor. (Sjå fig. 35.) Ei tjuga tyder då og ei kløft**)

— her ein stokk med kløft i enden. Stundom hadde dei jarnslege spissane på trebreidsletjugone for at dei skulde vara lenger. (Sjå fig. 35 b.) Dei som ikkje kunde finna emne til trebreidsletjugor med sjølvvaksne tindar, spikra stundom lause tindar på ein bein stokk.

I Leems målsamlingar heiter det: «Ei kiue (Een Kiue) Saa kaldes i benævnte Egn» — d.v.s. Avaldsnes — «et Træe med en Kløft i Enden at breede Møg ud paa Ageren med».

Jarnbreidsletjugone var det so å segja alltid tri tongar på. Dei såg difor ut som greiper med lange skaft og små hovud. (Sjå. fig. 36 og fig. 26 c og d.) Det hende likevel at dei hadde jarnbreidsletjugor med berre tvo tongar.

✱

*) Det må vera grunnen til at ein i gamle skifte og auksjonsprotokollar stundom kann finna ordet skrive «Bretletyv». Elles skreiv dei helst Bretlegreeb eller Bredegreeb.

**) I Vestmarki i Utsira er det ein dal som heiter «Tjugada'el». I det namnet har ein ordet tjuga i den opphavlege formi, medan det elles i bygdemåli her heiter «tjua».




Fig. 35. a. og d. Breidsletjugor frå Lyngbakken av Fjon i Sveio. b. Breidsletjuga frå Stakland i Skjold. c. Hovud av kaps frå Lunde i Ølen.




Fig. 36. a. Breidsletjuga frå Skeiseid i Førdesfjorden. b. Breidsletjuga frå Sevland i Åkra. c. Breidsletjuga frå Kringleland i Skjold. d. Breidsletjuga frå Erland, Tysvær.

Når ein kjem inn til Ølen og Etne i Sunnhordland, har folk ikkje høyrte gjete breidsletjugor. Der har dei havt ein annan reidskap til å breida sæta med, k a p s (eit kaps); og dei tala stundom um å kapsa sæta.

I gamle dagar var kapsi av tre. Dei såg ut som små mylderivor med 4 eller 5 tjukke tre-tindar i. (Sjå fig. 29 a og 35 c.) Seinare vart det jarntindar i trehovud — som fig. 31 c — og det hende at dei hadde kaps der heile hovudet var av jarn. (Sjå fig. 37 b og c.) På jarnkapsi var det 3 eller 4 tindar.

I Vats har dei bruka både breidsletjugor og kaps. Sume har og havt kaps i Skjold; men der bruka dei helst berre breidsletjugor. Ole T. Bjordal, Skjold, f. 1883, fortel at på Bjordal hadde dei breidsletjugor fyrr, men byrja med kaps då han gjekk i skulen. I Vikebygd i Sunnhordland har dei og bruka både kaps og breidsletjugor både på austsida og vestsida av Ålfjord, men det var helst kaps dei bruka, iallfall på austsida av fjorden. Ein kann soleis segja at Vats, Skjold og Vikebygd har vore grensestrokk millom breidsletjugor og kaps.*)

*) Det kann kanskje her høva å gjera merksam på at Skjold og Vats saman med Tysvær har vore grensestrokk når det gjeld ein annan reidskap og. I bygdane i ytre Karmsund kjenner me berre tuster med ei skora kring enden av handvollen til tustabandet. Kjem ein derimot inn til Ølen og Sandeid har dei berre havt handvollar med hol i. Dette holet går parallelt med handvollen i ei «klau» i enden på handvollen. Tustabandet trer dei i ei lykkja gjennom dette holet og har ein halmvisk i lykkja, so bandet ikkje skal smyga utatt (Sjå fig. 38.)

I Tysvær, Skjold og Vats har dei havt baa desse slagi handvollar. Tustene med hol i handvollen kallar dei for «dei gamle tustedne». Dei andre tustene kallar dei i Vats for «knappahandvolltuster» etter knappen i enden på handvollen. Handvollane kallar dei «handvoll med klau» og «knappahandvoll».

Handvollane med klau arbeidde dei av greiner som voks ut på sida av selje- eller askestuar. Då fekk dei sjølvvaksi, sterk klau.

Når dei i dei ytre bygdane ikkje har bruka handvoll med klau, so kann det vera rimeleg å tru at det kjem av at her veks ikkje ask, og at det er uråd å finna skikkeleg vyrke. Men denne forklåringi rekk iallfall ikkje til når det gjeld spursmålet um breidsletjuga eller kaps; for her ute i dei skoglause bygdane er det ikkje mange som sjølv har havt emne til trebreidsletjugor. Det

I austre Vikebygd og på Bjordal i Skjold har dei elles havt breidsletjugor med krumme tindar, ein millomting millom breidsletjugor og kaps. (Sjå fig 37 a.)

*

Det var dei tider dei bruka den gamle mykkvingemåten at dei måtte ha breidsletjugor og kaps. Ei tid etter at åkeren var tilsådd, m y k k v a dei. Det vil seggja at dei hadde myki eller sæta ut yver åkeren og breidde ho. Dei spreidde ikkje myki fint utyver åkeren med greip, slik som no; men dei sette ho i små muor eller dungar på åkeren. Det kalla dei å setja, setja utyver eller setja åkeren. Desse små muone spreidde dei deretter fint utyver åkeren med breidsletjuga eller kaps. Det var å breida. Utyversetjing og breiding tilsaman var å m y k k v a. På sør-Karmøy, og i Tysvær segjer dei «mykkva». Eg har og høyrte ein gammal skårebu segja det. Elles heiter det møkkva, soleis og i Skåre og Skjold. I Skjold og Vats sa sume fyrr «møka»; men det er no eit avlagt ord. Hjø Knud Leem heiter det: «Aa Møkra (At Møkre) d.v.s.: Efter Augvoldsnæs Egns Tale-maade At Føre Møg ud paa Ageren». Møkra må venteleg vera eit mistak for møkva.

I Vats kjenner dei ikkje ordet møkkva eller mykkva. Dei talar um setja åkeren og å breida; men dei har ikkje noko samnamn for baa desse umgripi. I dei andre Karmsunds-bygdane har derimot møkkva vore eit vanleg ord; og det vert bruka framleides um å ha hevdi ut yver åkeren, sjølv um ein ikkje breider no lenger. I våre dagar meiner dei soleis det same når dei i Vats segjer setja åkeren, og når ein i dei andre bygdane segjer møkkva eller mykkva åkeren.

var vel helst konservatismen som gjorde at dei hadde andre reidskapsformer her enn lenger inne. Folk heldt på dei reidskapane dei var vane med, og tok ikkje etter det som andre bruka.

På Tysnes i Sunnhordland har dei eit tridje slags handvollar. Der er eit hol tvers gjennom handvollen til tustabandet.

På Tysnestustene går tustabandet ogso laust gjennom eit hol i enden på slagvollen, medan det på alle tustene i Karmsund går gjennom eit «auga» 3, 4 tumar innpå slagvollen og vidare i ei skora på kvar sida ut til enden på slagvollen og der er fastbundne med eit «nakkaband» kring slagvollen.




Fig. 37. a. Breidsletjuga frå Svendsbø i Vikebygd. b. Kaps frå Svendsbø i Vikebygd. c. Kaps frå Svendsbø i Vikebygd.




Fig. 38. a. Tust frå Buavik, Skjold.
b. Tust frå Krabbatveit i Tysvær.

I Vats er uttrykki setja og setja utyver mykje bruka, medan ein i dei bygdane, der ein segjer møkkva eller mykkva, ikkje får so mykje bruk for ordet setja. Men det vert bruka. Ein talar her og um å setja utyver og setja muer. «Har du 'kje sett åkeren forlite», kann ein segja, eller «du sete godt» (= du hevdar godt). Elles minskar det med bruken både av ordet møkkva (mykkva) og ordet setja. Ein talar istaden um å køyra sæta, hevd eller møk.*)

Dei breidde etter kvart som dei sette, og det var kvinnfolkarbeid å breida. Folk leigde ofte «bretlejenter».

Breidingi måtte gjerast fint. Dei var nøgje på det; og det var um å gjera å ha flinke breidarar. Vart det dårleg hausting, var det ofte breidarane som fekk skuldi. Sæta skulde smuldrast og breidast fint og jamt utyver åkeren, og myldast ned i nokon mun. Det kornet som låg uppå åkeren, og som dei ikkje hadde fått ned med horv eller mylderiva, laut og breidarane mylda ned.

Dei tider var det alltid mykje underburd og halm i sæta. Når dei hadde breidt, låg nakne halmen og lyngen att uppå åkeren. Myki var orrist, og åkeren låg slett og fin som um han skulde vore tromla. Det må ikkje ha vore greidt å få dette til med trebreidsletjugor. Sjølv med jarnbreidsletjugor var det ikkje noko liketil arbeid å breida skikkeleg. Den hardaste og mest tiltrakka sæta bruka dei rett nok til potethevd; men ho kunde vera hard og seig nok til å breida den dei hadde på kornåkeren og. Breidarane heldt øvre enden av breidsletjugskafte under eine armen, og heldt med bae nevane lenger nede på skaftet. Då fekk dei det best til.

For at dei ikkje skulde trakka i det som var breidt, gjekk dei alltid baklengs når dei breidde. Det skulde sjå fjellegt ut.

Folk meinte fyrr at det hadde ikkje noko hast med mykkvingi. Når dei venta ei stund etter det var sått, tok ugraset til å spira, og dei tynte då mykje ugras når dei breidde. Men kornet nauda ikkje av det. Breidingi gjorde soleis og same nytta som ugrashorving. Underburden og halmen, som vart liggjande uppå åkeren,

*) På sør-Karmøy brukar dei ikkje ordet sæta.

heldt og ugraset nede. Difor var det aldri so mykje ugras i åkrane fyrr som no, segjer dei.*) Regelen var at dei skulde ikkje mykkva fyrr kornet tok til å spira; men det skulde helst vera gjort fyrr brodden kom. Stundom venta dei likevel heilt til kornet byrja å koma upp. Ja, brodden kunde vera eit par tumar høg når dei mykkva.

Det vanlege var at når dei hadde pløgt ein åker, so horva dei den og sådde i han; og soleis tok dei åker for åker. Dei som spadde, sådde som regel i kveldingi det dei hadde spadt um dagen. Når dei hadde mykje og spada, byrja dei spadingi i fyrstningi av april, men dei venta til 14. april med såingi. Seinare sådde dei etterkvart som dei spadde. Det var for at råmen ikkje skulde gå or jordi fyrr dei sådde, at dei sådde etterkvart. Kornet låg lenge fyrr det spirde, når moldi vart turr. Mykkvingi venta dei med til alle åkrane var tilsådde. Det kunde dei gjera som fekk såingi snart frå seg. Men dei som spadde i fleire vikor, måtte mykkva noko um gongen, elles vilde brodden koma for langt.

I Vats pløgde dei ein «fere» av åkeren og horva og sådde denne feren same dagen som han var pløgd.***) Dagen etter tok dei ein ny fere på same måten, og soleis heldt dei på til alt var undangjort. Sume fortel at dei hevda — sette — kvar fere same dagen eller dagen etter han var isådd. Då fekk dei køyra på upløgd åker. Andre fortel at dei sette når heile åkeren var sådd. Men sume frå Vats og fortel at dei sette åkeren når kornet spirde og stundom etter at brodden var komen.

Der dei pløgde, kørde dei sæta ut på åkeren når dei skulde mykkva; ja, utkøyringi hørde med til mykkvingi. Jamnfør det som var hermt etter Knud Leem. Sume leste or kjerra med greip. Men med dei gamle tritinda tregreipene og jarngreipene kunde dei ikkje spreida sæta so godt. Dei la ei greip med myk her og ei der på åkeren, og stundom la dei tvo og tri greiper i ein dunge. Andre grov or kjerra med eit orgravingsgrev (sjå fig. 26 e) og la sæta i små dungar eller muor, kring 20 muor av eit kjerrelass. Det var desse små dungane eller muone dei breidde utyver med breidsletjugor. Stundom la dei større muor, 4, 5 av eit lass. I Ferkingstad sokn kalla dei desse for «rotmuor». Knud Leem har ordet mua eller mue frå Avaldsnes i tydingi: «Een liden Dyngge af Møg paa Ageren»

*) Dette kom nok og i nokon mun av at dei sådde tjukkare fyrr enn no, og at den gamle, halmrike «bustahavren» kvelte ugraset meir enn snaudhavren, som ein brukar no.

**) Sml. Norsk Kulturhistorie bind 1, s. 302.

Når dei pløgde i dei ytre Karmsund-bygdane, bruka dei helst kjerror til å køyra ut hevdi i;*) for kjerrone drog ikkje åkermoldi med seg. Bruka dei derimot mokkslede**) på ein isådd åker, drog den moldi og kornet med seg.

Mange som spadde åkeren, køyrde og ut hevdi med kjerra etter dei hadde sått, soleis der dei på Karmøy spadde åkeren, t.d. i Ferkingstad sokn i Skudenes. Men dette var venteleg noko dei hadde teke etter dei som pløgde. Det upphavlege var nok at dei som spadde, køyrde hevdi ut fyrr dei spadde, og at dei bruka mokkslede.

Jakob O. Saltveit, som er frå Tveitaskog i Sveio og er fødd i 1869, fortel at då han voks upp, spadde dei åkeren på Tveitaskog. Dei køyrde hevdi ut på mokkslede fyrr åkeren var spadd. Vårfrumes-tider, — 25. mars, — då folk kom av fisket, var den vanlege tidi. Dei la hevdi i store muor på åkeren, tri, fire sledalass i kvar mua. Muone vart liggjande både medan dei spadde og sådde, og låg til det var høveleg tid å mykkva. Dei rekna ikkje utkøyringi med til mykkvingi. Dei som køyrde ut sæta, trødde muene godt ihop og klappa dei til, for at det skulde gå varmt i dei. Folk la mykje vegt på at sæta skulde «brenna» i muone. Det vart betre hevd då. Denne fyremunen hadde ikkje dei som pløgde, og som måtte køyra sæta ut etter at der var sått. Når kornet var sått, og det var høveleg tid å mykkva, sette dei muone ut yver med greip og breidde med breidsletjuga. Etter at dei hadde mykkva, måtte dei spada og så i «muestadnå», d.v.s. der som muone hadde vore. For at kornet ikkje skulde verta seinare der enn elles i åkeren, bløyttede dei stundom såkornet i kuland for at det skulde spira snarare; og dei let det gjerne liggja vått til det ydda. I «muestadnå» hevda dei ikkje; for der var feitt nok av muone som hadde lege der. Same umgangsmåten bruka dei og på Halseid i Skåre, der mor hans var frå.

Tollef J. Kallekødt, f. 1848, d. 1945, fortalde det same frå Tysvær. Men då far hans fekk seg plog kring 1860, byrja faren å køyra hevdi ut i hjulslede etter han hadde sått. Elles fortalde Tollef at stundom bløyttede dei alt såkornet i kuland eller i sjø. Dei skilde ugraset or på den måten; for ugraset sokk og kornet — havren — flaut.

Svend H. Gaard, Skåre, f. 1867, fortel at dei køyrde hevdi ut fyrr dei spadde um våren og la ho i store muor som låg til etter dei hadde sått. Dei åtte berre helvti i ein hest og var nøyddde til å gjera det på denne måten, segjer han.

*) Sjå Museet i Haugesund, 10 årsmelding 1925—1935, s. 82.

**) Sjå Museet i Haugesund, 10 årsmelding 1925—1935, s. 96.

Det er venteleg denne mykkvingemåten dei har bruka i heile Karmsund i gamle dagar der dei spadde åkeren; men det er vorte avlagt litt etter kvart.

Ole Jakob Stakkestad, Førdesfjorden, f. 1877, fortel at hjå dei hadde dei ikkje plog fyrsta han kann minnast. Fyre utskiftingi i 1895 hadde dei nokre åkrar som låg langt frå husi. Til desse åkrane køyrde dei hevdi i mokkslede vårfrumestider eller tidlegare og la ho i store muor på åkeren. Dei nytta ofte snøføret til det. På dei andre åkrane, dei som låg næmare til, køyrde dei hevdi ut med kjerror etter dei hadde sått. Andre fortel at dei og gjorde det på same måten.

Bendik J. Dalen, Skåre, f. 1864, fortel at faren hadde ikkje plog. Dei hadde nokre åkrar som var so blaute at dei kom ikkje utpå dei med hest når dei skulde mykkva. Der køyrde dei hevdi ut med mokkslede på vintraføret og sette sæta i muor, 3, 4 lass i kvar mua. På dei andre åkrane køyrde dei hevdi ut med kjerra etter dei hadde sått; men dei køyrde mest mogeleg på land, frammed reini, og heiv sæta ut yver åkeren med greip, segjer han.

På Hagland i Skåre, der dei fekk plogar i 1850-åri, køyrde dei hevdi ut tidleg um våren, fyrr dei pløgde, heilt til i 1890-åri, fortel Mandius Hagland, f. 1881. Når dei skulde pløgja og kom til ei mua, måtte dei spada til dei kom på andre sida av mua. Då byrja dei å pløgja att; og muone vart ståande til det var høveleg tid til å mykkva, etter at kornet var sått. Der har dei soleis halde på den gamle måten etter dei hadde fått seg plog og.

I heile Karmsund mykkva dei fyrr alltid etter at kornet var sått, både der dei pløgde og der dei spadde åkeren; og med det undantaket som er nemnt frå Vats, var regelen at dei venta med mykkvingi til kornet spirde. Men det var ingen sjølvsgd ting dette at dei i gamle dagar skulde spreida sæta ut yver åkeren etter at kornet var sått. Sume stader i landet pløgde eller arda dei sæta ned fyrr dei sådde,*) og ikkje lenger av enn på Bremnes i Sunnhordland, der dei fyrr spadde all åkeren, bar**) dei sæta ut på åkeren straks fyrr dei

*) Sjå Norsk Kulturhistorie, bind 1, s. 302 og s. 303.

**) Det var berre på dei styrste gardane i Bremnes dei køyrde sæta ut med slede. Til å bera sæta i hadde dei ein kasse som dei kalla kjessa (ei kjessa). Det var sett fatlar på eine langsida, so dei kunde bera kjessa på ryggen. Botnen var laus, so han kunde opnast. Han var festa med band til den langsida som skulde snu inn til ryggen. Midt på andre sida av botnen var det sett fast eit tog som dei tok yver kjessa og yver aksli. Når dei då skulde tømme kjessa på

spadde um våren, og so spadde dei sæta ned med det same dei spadde åkeren. Der breidde dei aldri, og dei hadde korkje breidsletjugor eller kaps. Dei «sette utøve» med greip.

Frå 1880-åri og utyver vart det i Karmsund vanleg å horva ned sæta fyrr dei sådde, og då var det ikkje so nøgje med breidingi. Elles laut dei då slutta å bruka underburd — lyng — i sæta; for lyngen vilde leggja seg i horvi. Det vart difor lettare å spreida sæta utyver. Den tid hadde dei og fått stålgreiper med 5 eller 6 tindar, og med dei greipene kunde ein hiva sæta so fint utyver åkeren at det trongst ikkje so mykje breiding; og vilde dei breida, var det betre å bruka stålgreip til det og. Men den gamle vanen å breida med breidsletjuga eller kaps heldt seg likevel inn i dette hundradåret; og ein kann enno treffa dei som hevdar etter at kornet er sått og breider på den gamle måten.

VII. Grev.

Professor S. Hasund segjer*) at hakka eller grevet var truleg den fyrste åkerreidskapen, men at i dei sør- og vestlandske kystbygdane har spaden vore den rådande reidskapen, ikkje hakka. Dette kann høva her i Karmsund og; for spade har vore mykje meir bruka enn grev. Men likevel har dei alltid havt grev her.

Det syner seg til og med at dei her i bygdane har nytta same slags grev frå oldtidi og fram til kring 1880. Sivert Sand, Tysvær, f. 1864, fortel han kann minnast eit potetgrev av tre «med sjølvvaksen krok som var vinkel (90°) og vel so det», og med doggsko av jarn på spissen. Tollef J. Kallekodd, Tysvær, f. 1848, d. 1945, har og høyrte um det. Endre Knudsen Hinderager, Avaldsnes, f. 1852, fortel at dei hadde tvo slags trepikkar — grev — utan noko jarn på, pikkar med hol i hovudet og påsett skaft og pikkar med sjølvvaksen krok. Dei var av ask eller eik. Det same fortel Mathias H. Thornes, Skåre, f. 1870. Johan Knudsen Rossebø, f. 1856, kann minnast trepikkar med påsett skaft. O. J. Eide, som er frå Eide i Stangaland, f. 1862, fortel at hjå dei hadde dei 2, 3 pikkar — grev — med sjølv-

åkeren, slepte dei toget, so botnen opna seg og sæta datt or. Kjessa var den gamle reidskapen. Seinare bruka dei kipor til å bæra sæta i, og det vart slutt med kjessone; men folk i 70-års alderen minnest at dei bruka kjessor.

*) I «Bidrag til Bondesamfundets historie I, Jordbruk og bondesysse», s. 174 og 175.

vaksen krok utan jarn. Dei var av ask eller eik, og dei bruka dei til å pikka oppmed potetone siste gongen, for at dei ikkje skulde gjera skade på potetone. Det vilde dei lett gjera med jarnpikk.

Dette er same slags grev som dei bruka i vikingtidi. I Sølushaugen på Gunnarshaug i Torvastad fann dei tri sovorne grev med sjølvvaksen krok utan jarnskoning. I tusund år, og venteleg mykje lenger, har dei soleis havt same slags grev.

På museet i Haugesund er der eit potetgrev — potetpikk — av tre. Det er frå Torsnes i Vikedal i Ryfylke. Skaftet er sett igjennom hovudet som på eit jarngrev. (Sjå fig. 31 a.)

I seinare tid har grevi so å segja alltid vore av jarn; og det har nok vore det vanlege i fleire hundrade år. Jarngrev er soleis nemnde i ei rettarbot for Bergen frå 1282, og ein har funne jarngrev frå vikingtidi.

Grevi har her i bygdane helst vore nytta til arbeidet med potetone; men det syner seg at same slags grev har vore i bruk fyrr folk tok til å dyrka potetor. Arentz fortel, som tidlegare nemnt, at dei bruka hakkor til å hakka sund plogforene med når dei pitla ugras or pløgsla. Han segjer og: «Hakker af Sædvanlig Dannelselse ere og brugelige»; men han segjer ikkje noko um korleis dei såg ut. Dette var i 1779, fyrr potetdyrkingi var komi skikkeleg i gang.

I Leems målsamlingar frå 1740-åri, d.v.s. fyrr potetone kom i bruk, er nemnde: «Eit Grev (Et Grev) d.v.s.: Een Hakke, Et Instrument at hakke med i Jorden», og «Ein Pik (Een Pik) d.v.s.: Et Instrument at hakke i Jorden med».

Ordet «pikk» står ikkje i ordbøkene til Aasen og Ross i denne tydingi; men det er eit velkjent ord i Stangaland, Avaldsnes, Torvastad, Skåre og Førdesfjorden. Ein talar um ein pikk eller potetepikk, men um «ei kvednapikka» og ei gruspikka;*) og ein segjer pikka oppmed potetone. I dei indre bygdane, Skjold, Tysvær og Vats, nyttar dei ikkje ordet potetpikk. Dei segjer grev eller potetgrev og dei segjer grefta oppmed potetone eller grava oppmed. På same måten er det i Bokn.

På sørvest-Karmøy, der det er mykje laus sandjord, bruka dei nevane til å grava oppmed potetone. Vart dei sår fingra, tok dei ein stein i kvar neve når dei grov. Det hjelpte.

*) I Torvastad segjer dei ein gruspikk eller aurpikk. Det segjer sume i Avaldsnes og. Ein skårebu sa at dei gamalldags grushakkone med ein tonge (fig. 39 d) kalla dei ein pikk, men dei som ein no brukar med tvo — motsette — tongar, kallar dei ei pikka.




Fig. 39. a. Potetgrev frå Skeiseid, Førdesfjorden. b. Potetpikk (frå ein skrap-handel i Haugesund). c. Potetpikk frå Skeiseid i Førdesfjorden. d. Gruspikka frå Færås i Sveio.

I Utsira bruka dei helst spaden til å grava oppmed potetone, men dei har havt potetpikkar der og.

Um Leem har meint det same med grev og pikk, kann ein ikkje sjå. Men der dei no segjer potetepikk, meiner dei med grev ei hakka med tvo eller fleire tongar, medan ein pikk

er ei eintonga potethakka. Det hender og i desse bygdane at ein og annan segjer grev eller potetgrev um ein potetpikk. Det er på stader der dei ikkje har havt grev med fleire tongar fyrr dei i seinare tid fekk potetgrev med ståltindar. Ei tid bruka sume eit breidt grev av eit tilbøygd spadblad til å grava oppmed potetone. Det kalla dei grev — ikkje pikk —; for det var tvers fyre.

Sume gamle potetpikkar er svært smale. Dei er berre 4, 5 cm breide og må ha vore for smale til å pikka oppmed potetone med, sjølv um dei fyrr sette potetone svært tett. (Sjå fig. 39 b.) Det må vera ein type som er eldre enn potetdyrkingi. Potetpikkane ser ut til å ha vorte breidare etterkvart. Dei har alltid ei meir eller mindre trikanta form. (Sjå fig. 39 c.)

Potetpikken bruka dei i seinare tid og til å grava veita når dei sette potetor i raster. Kristen Vestvoll, Vats, f. 1880, fortel at i Vats sette dei stundom potetone i «duble raukar». Dei hadde tvo raster med potetor i ein rauk. Då bruka dei eit tvotonga grev, so dei kunde laga tvo veitor med ein gong til å setja potetone i.

Til å taka upp potetone med nytta dei fyrr oftast spade; men dei bruka og potetgrev med tvo eller helst tri tongar. (Sjå fig. 39 a.) Dei same grevi bruka dei stundom til å grava sæta or kjerra når dei skulde leggja sæta i muor. Då kalla ein dei orgravingsgrev, hakkegrev, sætegrev eller møkgrev. Sume hadde serskilde orgravingsgrev med kortare skaft. (Sjå fig. 26 e.) Desse grevi var av jarn; men Johan Knudsen Rossebø, f. 1856, minnest mykgrev av tre — brake. Det var 6 tindar i dei, 5 tumar lange, sa han. Endre Knudsen Hinderager, f. 1852, kalla mykgrevet for jernpikka. I Utsira segjer dei og pikka um desse grevi. Elles var det vanleg å lessa or med greip.

Ommund Vaag, Skjold, f. 1886, fortel at dei stundom bruka grev til å hogga laus «stadl» med, so det vart lettare å lessa når dei kørde ut sæta, og lettare å breida.

VII. Potetplog.

I 1870-åri tok dei til å bruka ein liten plog til å pløgja oppmed — hyppa — potetone. Det var tvo fjøler på han, so han velte til baa sider. (Sjå fig. 40 og 41.) «Poteteplog» kalla dei han. «Podeplog» sa dei i Skudenes. Plogen var av tre med ein skjere av jarn. Sume hadde jarnslegen treskjere. Skjeren




Fig. 40. Potetplog frå Tuastad i Avaldsnes.

vende noko neddyver, so plogen skulde halda seg godt i jordi. Fjølene var slette, og dei stod svært lite ut; for rastene var smale dei tider. Det var tvo styre som vende bakyver. Ein mann styrde og ein drog. Oftc var det kona som drog og mannen som styrde. Dei bruka ikkje hest for potetplogane. Rastene var for smale til det, og folk var redde for at hesten skulde trø ned potetone. Han som drog, hadde eit band rundt livet og drog på den måten. Sume hadde laga eit drette av tre, som dei drog etter, eit tverrtre som var festa i plogåsen med tog. Han som drog, heldt då med baa nevane i dette tverrtreet.

På Brekke i Torvastad hadde dei i 1890-åri ein potetplog som dei bruka hest fyre. Denne plogen var og av tre, men var noko større enn dei vanlege. På Skådel av Syre i Skudenes har museet fått ein potetplog som dei bruka hest fyre. Plogen skal vera arbeidd av Lars Risdal kring 1890. (Sjå fig. 42.) Det er ein einstyring, og plogen er større enn andre potetplogar. Denne plogen nytta dei ikkje berre til hyppeplog, men og når dei sette potetor. Dei pløgde raster med han, på same måten som ein no gjer med hestehakkor. So hevda dei og sette potetone i rastene og grov yver med riva. Der på garden hadde dei og ei serskild «podehorv» som var arbeidd samstundes med plogen. (Sjå fig. 43.) Med denne horva dei millom rastene for ugras. Deretter lugga dei resten av ugraset; og seinare pløgde dei oppmed med potetplogen. Det var fleire derikring som hadde same slaget potetplog og potethorv, og sume har bruka dei heilt til no.

Potetplogane såg helst primitive ut; men dei var ikkje eldre enn frå kring 1870. Det var etter dei tok til å setja potetor i raster




Fig. 41. Potetplog frå Låndo i Avaldsnes.

blad. (Sjå fig. 44.) Dei plogane velte og til båe sidor. Jarnet var ofte eit tilbøygd spadblad. Det var stundom berre eit styre på desse plogane, men då var der so lang ås at han som drog, heldt i åsen. Han heldt åsen under eine armen og hadde toget, som han drog med, yver den andre aksli. I Tidsskrift for Landmænd 1881, s. 41, i stykket av amtsagronom Anda, er det bilæte av ein sovoren plog frå Jæren. Stundom var det sett eit tverrtre framme på åsen, so dei drog etter det.

Potetplogane kom istaden for potetgrevi — potetpikkane — men greidde ikkje på langt nær å avløysa dei. Det var dei færraste som fekk seg potetplog. Mange bruka ein vanleg plog til å pløgja uppmed potetone. Men då måtte dei køyra tvo gonger i same fori. Dei bruka og ein vanleg plog når dei sette potetor, både til å pløgja raster og til å pløgja yver med. Sume laga veita til å setja potetone i med ein potetpikk og pløgde yver med ein vanleg plog.

I fyrstningi av dette hundradåret vart potetplogane avløyste av fabrikkarbeidde hestehakkor. Men framleides kann ein av og til koma yver ein gamall potetplog som er i bruk. Sume av dei fabrikkarbeidde hestehakkone var svært like dei heimearbeidde potetplogane.




Fig. 42. Potetplog frå Skådel av Syre i Skudenes.

eller rylar, at dei byrja med potetplogar. Tor-gils G. Aarvold, Åkra, f. 1853, fortel at det var på gardane sør på Skudenespynten dei fyrst tok til å bruka dei. Det var der dei kom frå, sa han.

Eit anna slag potetplogar var arbeidde med veltefjølær av eit jarn-

Sluttord.

Når ein no ser på dei reidskapane som vart bruka til burt i siste halvparten av attanhundradtalet, ja av sume til burtimot hundradårskiftet, so får ein ei kjensla av at same slags reidskapar må folk ha bruka i hundradvis av år; og ei næmare etterrøkjing viser at det er rett. Professor Edv. Bull skreiv i 1929*) at umbyttet i bondekulturen dei tvo, tri siste mannsaldrane er det viktugaste og mest inngripande umskifte i folkelivet vårt sidan vikingtidi. Desse ordi høver godt når det gjeld åkerreidskapane og. Det har vore so




Fig. 43. Potethorv frå Skådel av Syre i Skudenes.




Fig. 44. Potetplog frå Haugo i Torvastad.

store umskifte i manns minne, at ein ofte ikkje er merksam på det; og det kann stundom vera nyttigt å stoppa upp og sjå på utviklingi og samanhengen og merkja seg kva folk laut greida seg med fyrr.

*) Vergleichende Studien über die Kulturverhältnisse des Bauerntums, ein Arbeitsprogram, s. 18.